Årsrapport 2017

Trygg og
framtidsretta
time.kommune.no

Time kommune

Innhald

Innleiing 5

Framlegg til vedtak 6

Forklaringar 6

1 Nasjonale føresetnadar 7

2 Lokalsamfunnet Time 8

2.1 Samfunnsutvikling 8

2.2 Time for alle 12

2.3 Trygg i nærmiljøet 13

2.4 Førebygging og tidleg innsats 14

2.5 Kultur og trivsel 15

2.6 Bryne – byen vår 16

2.7 Kommuneorganisasjonen 16

3 Økonomiske hovudtal 17

3.1 Driftsrekneskapen 17

3.2 Finans- og finansforvaltning 19

3.3 Balanse per 31.12.2017 20

3.4 Økonomiske nøkkeltal 22

4 Omstilling og effektivisering 24

4.1 Rapportering om tiltak 2017 24

4.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret 24

5 Velferdstenester 28

5.1 Hovudtal per tenesteområde 28

5.2 Oppvekst 28

5.3 Omsorg 42

5.4 Samfunn 52

5.5 Administrasjon 66

6 Kommunen som arbeidsgjevar 70

6.1 Rapportering om tiltak 2017 70

6.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret 70

6.3 Utfordringar framover 76

7 Investeringar 77

7.1 IKT og administrasjon 78
7.2 Oppvekst 79
7.3 Omsorg 81
7.4 Samfunn 82
7.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2017 87
8 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar 90
9 Status politiske saker 92
9.1 Politiske saker 2017 92
9.2 Politiske saker før 2017 94
10 Nøkkeltal 97
10.1 Oppvekst 97
10.2 Omsorg 102
10.3 Samfunn 105
10.4 Administrasjon 114
Planhierarki 115

«Trygg og framtidsretta»

Kommunen (politikarar, leiarar, medarbeidarar og tillitsvalde) skal være prega av:

- Ansvar
- Engasjement
- Gjensidig respekt
- Optimisme

Mål

Innbyggjarane/brukarane: Rett teneste til rett tid

Medarbeidarane: Stolte og kompetente

Samfunn/miljø: Alle bryr seg og tek ansvar for framtida

Økonomi: Sunn økonomi som sikrar måloppnåing

Kjenneteikn for alle leiarar i Time kommune

- Tek ansvar for heilskapen og samarbeidar
- Synleg og tydeleg leiing
- Verdiar og kulturbyggjar
- Kommuniserer ope og aktivt
- Er brukar-, mål- og handlingsorientert
- Motiverer, skaper trivsel og gjer kvarande gode

Innleiing

Årsrapporten 2017 er ei tilbakemelding frå rådmannen til dei folkevalde i Time kommune på resultat og bruk av ressursar. Her peikar me også på utfordringar som må løysast i framtida. Rekneskap 2017 er kommunen sin offisielle rekneskap.

Kommunen har i mange år hatt utfordringar med å kunna takla folkeveksten. Det har me ikkje lenger. Nå er utfordringa å tilpassa tenestetilbodet til lågare vekst enn me tidlegare har planlagt for. I nokre tilfelle er etterspurnaden òg redusert, som eksempelvis i barnehagane, sjølv om yngre barn har fått utvida rett på barnehageplass. Me planla også for ei stor tilstrøyming av flykningar. Nå kjem det få flykningar og lokale asylmottak er nedlagde. I tillegg kjem det færre arbeidsinnvandrarar. Endra etterspørsel etter tenester reduserer behovet for barnehage og språkopplæring.

Netto driftsresultat for 2017 er på 41,6 millionar kroner (3,1 %) mot 58,3 millionar kroner (4,4 %) i 2016. Kommunen har ei målsetting om å avsetja 1,5 % av sum skatt og rammetilskot til investeringar og i 2017 vart det sett av 1,6 %.

Det gode netto driftsresultatet skuldast høge skatteinntekter i landet slik at me fekk skatteutjamningsmidlar, godt finansresultat og meirinntekter på flyktningar. Omsorg har i 2017 hatt eit utfordrande år og fekk eit meirforbruk på 8,8 millionar kroner. Kommunen må i 2018 få kontroll over ressursbruken i omsorg. Både fellesadministrasjonen og tenesteområda Oppvekst og Samfunn viser god økonomisk styring i tenesteproduksjonen.

Det gode resultatet i 2017 skuldast eingongsinntekter og gode skatteinntekter i resten av landet. Dette er inntekter kommunen ikkje kan budsjettera med i framtida. Arbeidsløysa i i 2017 er redusert frå 3,5 % til 2,6 %, sosialhjelpsutgiftene er fortsatt høge.

Etter at avsetningar er gjort, har me eit udisponert årsoverskot på 14,7 millionar kroner. Då kommunen har låge fond, vil rådmannen rå til at overskotet vert avsett til disposisjonsfond.

Skal me klara framtidige utfordringar må me få meir ut av tilgjengelege ressursar gjennom effektivisering, digitalisering og innovasjon. Organisasjonen har i 2017 brukt mykje tid og ressursar for å finna dei beste innsparingstiltaka i prosjektet Omstilling 2017. Kommunestyret vedtok ei innsparing på 13 millionar kroner for 2018 og 19 millionar kroner frå 2019. Tiltaka vert gradvis iverksette og skal vera gjennomført innan utgangen av 2018.

Sjukefråværet viser ei positiv utvikling med ein reduksjon med 0,6 prosentpoeng til 6,6 % i 2017.

Rådmannen ønskjer å trekkja fram alt det gode arbeidet som vert gjort av medarbeidarar i Time kommune, og takkar alle for innsatsen i driftsåret 2017.

Framlegg til vedtak

1. Driftsrekneskapen for 2017 vert godkjent. Årsoverskotet på 14,7 millionar kroner vert avsett til disposisjonsfond.
2. Investeringsrekneskapen for 2017 vert godkjent.
3. Årsrapporten vert teken til orientering.
4. Utfordringar som årsrapporten peikar på vert vurdert i arbeidet med ny økonomiplan.

Forklaringar

KOSTRA-tala i statistikkdelen er foreløpige tal for 2017. Me samanliknar utviklinga i ein del utvalde nøkkeltal for Time med kommunane Klepp, Sandnes, Rogaland og kommunegruppe 8. Me tek atterhald om at det kan vera nokre feilkjelder i talmaterialet sidan kvalitetssjekka tal frå SSB først kjem i juni 2018.

Rekneskap for 2017 vert lagt fram i eige dokument «Rekneskap 2017». Dette viser kommunen sitt offisielle rekneskap og inneheld hovudoversikter for drifts- og investeringsrekneskapen, balansen og forklarande noter til rekneskapen. Alle notereferansar i årsrapporten viser til rekneskapsdokumentet.

Årsrapporten skal gjera tydeleg greie for i kva grad tiltaka i økonomiplanen er utførte. Alle tiltak frå økonomiplanen er gjevne fargekodar som viser om tiltaket er utført (grønt/U), delvis utført (gult/D), eller ikkje utført (raudt/I). Delvis utførte tiltak og ikkje utførte tiltak vert kommenterte. Utførte tiltak vert i hovudsak ikkje kommenterte.

1 Nasjonale føresetnadar

Norsk økonomi er liten og open, og svært avhengig av hendingar i den globale økonomien. Det som har påverka oss mest dei siste åra er finanskrisa i 2008 og oljeprisfallet i 2014.

I 2017 har oljeprisane stige til over 60 dollar per fat. Dette er likevel ei halvering av oljeprisen frå toppnivået i 2014. Då oljeselskapa har redusert kostnadane dei siste åra vert dette prisnivået vurdert som gunstig for vidare utvikling av denne sektoren i Norge. Oljekrisa ramma ikkje heile landet, med først og fremst fylka på vestlandet og spesielt Rogaland.

Utviklinga i norsk økonomi i 2017 har vore positiv. Det har vore vekst i næringslivet utanom oljesektoren godt hjelpt av låge valutakursar og låg rente. I tillegg har det vore konjunkturoppgang hos viktige handelspartnarar i Europa og USA. Arbeidsløysa i landet er redusert frå 2,8 % til 2,4 %. Den største endringa i arbeidsløysa finn me i Rogaland med ein reduksjon frå 4,5 % til 3,2 %.

Dei fleste pilene har peika oppover i 2017 bortsett frå bustadprisane som har vist ein nedgang. Dette har ennå ikkje slått inn i bustadinvesteringane, men det er forventa at dette vil skje i 2018. Oljeinvesteringane var låge i 2017. Etter auka oljepris er det planlagt større investeringar framover, noko som er viktig for næringslivet i Rogaland.

Rentenivået i 2017 er det lågaste i nyare tid, og det er forventa at dette vil stiga svakt framover. Norsk næringsliv har nytt godt av låge valutakursar - også lågare enn det økonomane rekna med. Det er usikkert korleis valutakursane vil utvikla seg og kor stor betydning det vil få for aktiviteten framover.

Lønnsveksten i 2017 for alle arbeidstakarar vart på 2,3 %. Prisveksten på 1,6 %. Arbeidstakarane fekk dermed ein reallønsvekst i fjor, noko som ikkje var tilfellet i 2016. Då konsumet frå forbrukarane er viktig for norsk økonomi, var reallønnsveksten i 2017 med på å gje eit positivt bidrag til konjunkturveksten i 2017.

Kommunesektoren hadde i 2017 høgare skatteinntekter enn forventa. Viktigaste årsak er god arbeidsmarknad i store delar av landet. Sjølv om arbeidsmarknaden viser størst forbetring i Rogaland, har dette ikkje slått ut i skatteinntektene. Mange kommunar i Rogaland hadde i 2017 nedgang i skatteinntektene samanlikna med året før.

Nedgangen i Rogaland har samanheng med at betringa i arbeidsmarknaden først kom mot slutten av året. Mange arbeidstakarar som vart oppsagde i oljeindustrien har funne seg anna arbeid med lågare årslønn og dermed lågare skatt. Fleire kommunar i Rogaland opplevde i 2017 netto utflytting då folk i arbeidsfør alder fekk jobb i andre delar av landet og fleire arbeidsinnvandrarar reiste heim.

2 Lokalsamfunnet Time

2.1 Samfunnsutvikling

Folketal

Folketal, fødslar, døde, inn- og utflytting 2014-2017

	2014	2015	2016	2017
Folketal pr. 1.1	17 897	18 306	18 572	18 656
Fødde	285	247	265	244
Døde	93	102	98	97
Fødselsoverskot	192	145	167	147
Innflyttarar	1 285	1 202	983	909
Utflyttarar	1 066	1 081	1 064	1 012
Flytteoverskot	219	121	-81	-103
Samla tilvekst	**409**	**266**	**84**	**43**
Folketal 31.12	**18 306**	**18 572**	**18 656**	**18 699**
Fødselsoverskot i %	1,07	0,79	0,90	0,79
Flytteoverskot i %	1,22	0,66	-0,44	-0,55
Folkevekst i %	2,29	1,45	0,45	0,23

Kjelde: SSB

Folkeveksten dei to siste åra ligg godt under det kommunen har hatt tidlegare. Dei to siste åra har me hatt netto utflytting. Fødselsoverskotet i 2017 er likt 2015, men dette er lågt i historisk samanheng. Dette skuldast låge fødselstal då dødstala er stabile.

Folketal 2014-2017 per aldersgruppe

	2014	2015	2016	2017	Endring 14-17
0-2	839	819	804	756	-9,9 %
3-5	886	896	864	841	-5,1 %
6-12	1 746	1 802	1 885	1 932	10,7 %
13-15	763	753	722	719	-5,8 %
Sum 0-15	**4 234**	**4 270**	**4 275**	**4 248**	**0,3 %**
16-19	937	978	994	999	6,6 %
20-66	11 201	11 314	11 277	11 279	0,7 %
Sum 16-66	**12 138**	**12 292**	**12 271**	**12 278**	**1,2 %**
67-79	1 382	1 437	1 517	1 548	12,0 %
80-89	453	479	497	517	14,1 %
90+	99	94	96	108	9,1 %
Sum 67+	**1 934**	**2 010**	**2 110**	**2 173**	**12,4 %**
Sum	**18 306**	**18 572**	**18 656**	**18 699**	**2,1 %**

Kjelde: SSB

Talet på barn 0-2 år viser nedgang kvart år frå toppåret i 2012 med 879 barn. Dei to siste åra har også talet på 3-5 åringar vorte redusert. Talet på barn i barnehagealder er frå 2013 redusert med 150 barn.

Det er framleis vekst i barn i barneskulealder då store barnekull nå er flytta frå barnehage til skule. Barn i ungdomsskulealder er redusert kvart år frå 2014 og vil først begynna å stiga frå 2019.

Smart samfunn

Smartstrategi vart vedtatt hausten 2017 og var grunnlag for kommunen sin stand og deltaking på Nordic Edge Expo. Smartstrategien har visjonen «saman om eit smartare samfunn» og legg vekt på samskaping, digitalisering og bærekraft. Målet er å finna gode måtar og arenaar for å samarbeida med innbyggjarar og næringsliv om gode løysingar på samfunnsutfordringane.

Arealforvaltning

Arbeid med revisjon av arealdelen til kommuneplanen viser at det ligg ein betydeleg arealreserve i gjeldande kommuneplan 2011-2022 og i interkommunal kommunedelplan «Bybandet sør» 2013-2035. Grunna ulike rekkefølgjekrav er ikkje alt areal tilgjengeleg for utbygging i planperioden. I alt er det om lag 1615 daa kor regulering ennå ikkje er begynt på, 144 daa kor regulering er starta og 165 daa som nyleg er regulert eller er under utbygging. I dei godkjente reguleringsplanane er det ein bustadreserve på vel 1100.

Næringsutvikling

Bedrifter etter talet på tilsette i Time pr. 31. des.

	2014	2015	2016	2017
Ingen tilsette	1 102	1 194	1 277	1 271
1-4 tilsette	380	301	314	336
5-19 tilsette	242	258	244	240
20-49 tilsette	68	70	69	71
50-99 tilsette	14	14	14	14
100 tilsette og meir	6	9	10	8
Sum	**1 812**	**1 846**	**1 928**	**1 940**

Kjelde: SSB

Arbeidsplassar og pendling i Time kommune pr. 31. des.

	2014	2015	2016	2017
Arbeidsplassar	7 917	7 529	7 475	
Innpendling	4 031	3 773	3 761	
Utpendling	6 254	6 103	6 011	
Arbeidsledige i %, årsgj.snitt	1,7	2,8	3,7	2,6
Konkursar	15	8	11	13
Nyetablerte foretak	**135**	**169**	**204**	

Kjelde: SSB

Talet på arbeidsplassar i Time er som følgje av nedgangen i oljenæringa, redusert dei to siste åra. Me har ennå ikkje tal for 2017, men trur at nedgangen er stoppa og at me kanskje har ein liten auke.

Talet på bedrifter i Time har auka også i desse nedgangstidene og gledeleg er det at det er talet på bedrifter med tilsette som har auka i 2017.



Kjelde: NAV

Arbeidsløysa i Time og Rogaland viser i 2017 ein klar nedgang og me nærmar oss landsgjennomsnittet. Før oljekrisa hadde Rogaland arbeidsløyse godt under nasjonalt nivå så det er ennå eit stykke igjen til vårt normalnivå.



Kjelde: NAV

Arbeidsløysa for ungdom 16-29 år viser ein klar nedgang frå toppåret 2015. I 2015 var arbeidsløysa i Time høgast medan me nå er på snittet i Rogaland og under både Klepp og Sandnes.

Det er aukande samarbeid innan næringsutvikling i regionen. Dette skjer både gjennom regionale selskap som Greater Stavanger og Region Stavanger, men òg mellom medlemskommunar i Jærrådet.

Bortsett frå ei næringstomt på Håland på rundt 5 daa, har ikkje kommunen hatt næringsareal for sal i 2017.

Kunnskapsutvikling

For å nå måla som er sette er det nødvendig å samhandla med andre aktørar utanfor eigen organisasjon. Eit eksempel på dette er den heilskaplege planen som nyleg vart ferdigstilt som eit resultat av innovasjonsprosjektet «Samhandling for auka gjennomføring i vidaregåande skule» med Time kommune, Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule. Det er etablert eit forpliktande samarbeid for å sikra gode overgangar mellom grunnskule og vidaregåande skule med tiltak for elevar som har behov for tettare oppfølging for å redusera risikoen for «drop out».

Innovasjonsmetodikken BLT vert aktivt brukt for å identifisera behov og testa nye eller betre løysingar for brukarane. Team som er del av innovasjonsprosessar utviklar ny kunnskap og kompetanse som gjer einingane i stand til å finna nye eller betre svar på oppgåver som skal løysast. Eit av områda kommunen har fokus på er tidleg innsats.

Digitaliseringa i samfunnet endrar måten me samhandlar på, korleis me lærer, kva me lærer og gjev nye moglegheiter. Dette handlar både om kommunen som organisasjon samt innbyggjarar og næringsliv sin kompetanse til å ta nye løysingar i bruk.

Helse- og livskvalitet

Dei store helseutfordringane er at me får fleire eldre, folk lever lenger, befolkninga vert stadig mindre aktiv og fleire opplever å stå utanfor viktige arena som arbeid og kultur- og fritidstilbod. Det kan vera på grunn av arbeidsløyse, dårleg økonomi eller drop-out frå vidaregåande opplæring.

Kommunen har fokus på at fleire av ungdommane skal fullføra vidaregåande opplæring som er ein grunnleggjande føresetnad for vidare arbeidsliv. NAV har ekstra fokus på oppfølging av unge arbeidsledige og unge mottakarar av sosialhjelp for å få dei raskt i aktivitet, arbeid eller utdanning. Alle elevane i barneskulen har dei siste fire åra delteke på «Gå-til-skulen» aksjonen med fokus på fysisk aktivitet og bruk av refleks. Alle barnehagane har hatt eit to-årig prosjekt (2016-2018) der fysisk aktivitet, kosthald og psykisk helse har vore tema. Kommunen har ordningar for å få redusert foreldrebetaling i barnehage, og prøver nå ut liknande opplegg i kulturskulen.

Energi- og klimautfordringar

Heilskapleg ROS-analyse 2017-2020 viser at det i området der Time ligg, vil verta varmare, våtare og koma meir intens og kraftig nedbør og fare for flaum aukar. I arbeid med revisjon av arealdelen til kommuneplanen skal det gjerast analysar av hydrologi og terrengforhold i kommunen. Desse analysane skal danna grunnlag for arealdisponering med omsyn til overvasshandtering.



2.2 Time for alle

Deltaking og aktivitet

Barnefattigdom aukar i Time, slik det gjer i andre kommunar. For å redusera utanforskap er det viktig å inkludera barn i frå fattige familiar, sosialhjelpsmottakarar og flyktningar i ordinære tiltak. Det betyr at kommunen må bruka ressursar for å få dette til. Redusert foreldrebetaling i barnehage er eit eksempel på tiltak som motverker utanforskap.

Det vart i 2017 gjennomført kommunikasjon og innbyggjarinvolvering i dei fleste større planprosjekt, og i større utbyggingsprosjekt i kommunen. Det vart invitert til medverknad på ulike arenaer og brukt fleire involveringsmetodikkar for å leggja til rette for deltaking for ulike grupper av innbyggjarar.

Deltakinga ved Stortingsvalet var på 81,58 %. Kommunen deltok i 2017 for tredje gang i KS si lokaldemokratiundersøking. Denne undersøkinga dannar grunnlag for revidering av «Handlingsplan for lokaldemokrati».

Det er i 2017 gjennomført opplæring av tilsette og gjennomgang av saks- og brevmalar for å sikra klart og forståeleg språk. Det er også gjennomført testing av kommunale skriv saman

med ulike brukar- og innbyggjargrupper for å få tilbakemeldingar på kor klart kommunen skriv.

Integrering og mangfald

Plan for mangfald og inkludering 2018-2025 vart ferdig og godkjent i kommunestyret i 2017. Planen har fem fokusområde: Ny i Norge – ny i Time; språkopplæring, kvalifisering og arbeid; kultur fritid og samfunnsdeltaking; helse; og kommunen som arbeidsplass.

Time kommune fekk busett 42 personar i 2017. Fleire tiltak vert gjort for å hjelpa til med integreringa og flyktningtenesta starta mellom anna opp eit samarbeid med Bryne Røde Kors om drifta av kvinnegruppa Femira.

Prosjektet TimeKOMPIS vart starta hausten 2017 av frivilligsentralen. Her vert timebuarar og busette flyktningar eller innvandrarar kopla saman, og finn på aktivitetar seks gonger i løpet av tre månadar. Etter det kan dei fortsetta å møtast om dei ønskjer det. Det var 66 personar som deltok i TimeKOMPIS i 2017.

2.3 Trygg i nærmiljøet

Samfunnstryggleik og beredskap

Kommunen arbeidar systematisk og heilskapleg med samfunnstryggleik og beredskap. Det er gjennomført opplæring i krisehandtering i forbindelse med beredskapsøving. Erfaringar vil verta vidareførte med tanke på å styrka tenesteeiningane si evne til krisehandtering i «dagleg drift» for små og større uønskja hendingar.

Kriminalitetsførebygging

SLT er ein samordningsmodell for lokale kriminalitetsførebyggande tiltak. Kriminalitetsførebygging handlar om å satse systematisk på å unngå kriminalitet i staden for å reparera. Det handlar om å analysera kor og korleis problematisk åtferd og kriminalitet oppstår, for å setja inn konkrete tiltak retta mot årsakene til problema. Innsatsen må vera mangfaldig og rettas mot sosiale miljø, enkeltpersonar og fysiske omgjevnadar.

I 2017 vart det utarbeida ein handlingsplan for SLT-arbeidet i Time kommune for perioden 2017-2022. Denne byggjer på andre overordna planar i kommunen.

Trafikktryggleik

Handlingsdelen til Trafikksikringsplan 2016-2025 er revidert. I samarbeid med skulane på Lye, Undheim og Hognestad er farlege skulevegar kartlagde. Fleire gang- og sykkelvegar er det viktigaste tiltaket for å redusera talet på farlege skulevegar og slik leggja til rette for at fleire barn og unge kan gå eller sykla til skulen.

2.4 Førebygging og tidleg innsats

Folkehelse

Time har ei tverrfagleg organisering av folkehelsearbeidet, og det er etablert eit årshjul for «løpande oversikt over folkehelsa» i tråd med lov og forskrift. «Løpande oversikt betyr at kommunen skal følgja med på utviklinga innan viktige folkehelseutfordringar som bakgrunn for å vurdera mål, strategiar og tiltak, samt fanga opp ny og vesentleg informasjon om helsetilstand og faktorar som påverkar helsa til innbyggjarane.

Dei største folkehelseutfordringane ligg på levekårsområda som unge uføre og fråfall i vidaregåande opplæring.



Kjelde: NAV

Talet på unge uføre mellom 18 og 29 år ligg fortsatt høgare i Time samanlikna med nabokommunar. I 2017 er me på same nivå som 2016. Det er eit samfunnsproblem at så mange unge vert uføre. NAV Time jobbar målretta mot ungdom under 30 år som enten er arbeidsledig eller går på arbeidsavklaringspengar.

Når det gjeld fråfall i vidaregåande opplæring ligg Time på landsnivå og på nivå med Sandnes, og litt lågare enn Hå og Klepp. Det har vore ei positiv utvikling i Time frå 2012 til 2016. Til tross for at Time ligg på landssnittet, er fråfallet for høgt sett i eit folkehelseperspektiv. Ungdom oppgjer mobbing, einsemd og psykiske problem som hovudårsak til at dei slutta. Innovasjonsprosjektet «Laget rundt læraren ... og eleven» er iverksett i 2017 med mål om å førebyggja fråfall.

Oppvekst samarbeider med Bryne vidaregåande skule om ein plan for overgang mellom grunnskule og vidaregåande opplæring. Her inngår mellom anna fagsamarbeid og fokus på styrking av psykisk helse. NAV må og inngå i denne overgangsplanen.

Alle skulane skal òg ha ein systematisk plan for arbeid med psykisk helse og sosial kompetanse for 1-7. trinn.



Barnefattigdom aukar i Time, og det har vore ei auke frå 2014 til 2016. Den same auken ser me i nabokommunane og i Rogaland. Moglege årsaker kan vera arbeidsløyse og større busetting av flyktningar.



Eksempel på ei ordning som verker utjamnande er redusert foreldre-betaling i barnehage. Familiane som søkjer er oftast einslege forsørgjarar eller flyktningar. Time kulturskule vil i 2018 innføra friplassar. Begge desse tiltaka bidreg til å sikra sosial utjamning og hindra utanforskap.

2.5 Kultur og trivsel

Arbeidet med nye Bryne kino i det gamle Bryne Torgsenter starta opp hausten 2017. Frå hausten 2018 vil publikum få eit meir variert og rikhaldig filmtilbod i nye lokale med fire salar.

Kommunestyret vedtok i september at det skal utarbeidast ein moglegheitsstudie for Storstova utan kino. Studien vert lagt fram til politisk behandling våren 2018.

Det vart i 2017 innleia drøftingar med Jærmuseet og fleire frivillige organisasjonar om framtidig organisering og drift av kommunen sine museumsanlegg. Det vert lagt fram sak til politisk behandling i 2018.

Arbeidet med å revidera kulturplanen vart sett i gang, og det er lagt til rette for brei medverknad frå mellom anna lokalt kulturliv. Revidert kulturplan skal leggjast fram til politisk behandling hausten 2018.

Dei årlege festivalane Garborgdagar og Livsgledefestivalen vart i 2017 gjennomført med god publikumsoppslutning.

2.6 Bryne – byen vår

Det pågår mange større prosjekt i regionbyen Bryne. «Shared space» i Ree-vegen vart opna like før jul, medan fleire andre prosjekt vil verta ferdigstilte innan 2018, eksempelvis ny kino på torget, Kaizersplassen i mars og Fritz Røed skulpturpark til sommaren.

I tillegg starta fleire andre prosjekt i løpet av året, blant anna samskapingsprosjekt med gardseigarar for å gjera om Storgata til gågate og arbeid for å laga framtidige parkeringsplassar i nedgrave løysing under Bryne (fjellhall).

Den årlege bykonferansen i november gjev alle interesserte moglegheit til å verta oppdaterte på kva som skjer og kva utvikling regionsenteret Bryne er på veg til.

2.7 Kommuneorganisasjonen

Det er i S*trategi for digitalisering og infrastruktur* lagt vekt på at digitaliseringa skal gje ei meir effektiv oppgåveløysing. Tilrettelegging for rådgjeving og opplæring av innbyggjarar som skal bruka digitale løysingar og utbygging av infrastrukturen i kommunen er også vektlagt i strategien.

Fleire interne saksflytar er digitaliserte i løpet av 2017 og det er lagt grunnlag for stadig meir digitale og effektive prosessar. Innovasjonsprosjektet «Innbyggjarservice 2026» vart starta opp med mål om effektivitet og kvalitet i framtidige løysingar for innbyggjarkontakt i heile kommunen. Ein viktig faktor i prosjektet er automatisering og digitalisering av tenester til innbyggjarar og næringsliv gjennom tenestedesign.

3 Økonomiske hovudtal

I årsrapporten presenterer me eit utdrag av rekneskapstala for 2017 (i heile tusen) og kommentarar til desse. I dokumentet «Rekneskap 2017» vert kommunen sitt fullstendige rekneskap med noter som gjev utfyllande informasjon, presentert. Alle referansar i kapitel 3 viser til dette dokumentet. I dette kapittelet omtalar me driftsrekneskap og balanse, mens investeringane vert omtala under kapittel 7.

3.1 Driftsrekneskapen

Økonomisk oversikt - drift	note	Rekneskap 2017	Budsjett m/endringar	Budsjett u/endringar	Rekneskap 2016
Driftsinntekter					
Skatt på inntekt og formue		529 802	533 100	551 800	534 004
Rammetilskott		433 632	423 100	410 100	411 395
Overføringar med krav til motyting		390 894	298 178	279 140	371 038
Sum driftsinntekter		**1 354 328**	**1 254 378**	**1 241 040**	**1 316 437**
Driftsutgifter					
Lønnskostnader		887 046	854 157	851 455	850 968
Kjøp til eigen produksjon		127 451	114 421	109 049	121 453
Kjøp frå andre		212 096	197 062	186 751	199 135
Overføringar		61 786	42 072	49 233	63 206
Sum driftsutgifter		**1 288 379**	**1 207 712**	**1 196 488**	**1 234 762**
Finansinntekter					
Finansinntekter		39 930	38 610	38 610	38 598
Finanskostnader					
Finanskostnader	14	23 395	26 548	26 548	23 215
Avdrag	14	40 892	43 250	43 250	38 710
Resultat eksterne finanstransaksjonar		**-24 357**	**-31 188**	**-31 188**	**-23 327**
Netto driftsresultat		**41 592**	**15 478**	**13 364**	**58 348**
Disponert slik:					
Overført til investeringsregnskapen		-15 146	-15 063	-12 644	-20 750
Bruk av tidlegare års regnsk.m. mindreforbruk		24 736	24 700		14 110
Netto avsetning disposisjonsfond	6	-31 733	-23 495	25	-20 870
Bruk av bundne fond	6	-4 724	-1 620	-745	-6 102
Mindre-/meirforbruk	**15**	**14 725**	**0**	**0**	**24 736**

Driftsinntekter

Driftsinntektene auka med 2,9 % frå 2016 til 2017. Veksten kjem av auka skatteutjamning i rammetilskotet og høgt integreringstilskot på grunn av stort flyktningemottak.

Skatteinntekter	Time	Landet
Skattevekst	-0,8 %	4,5 %
Skattevekst pr innbyggjar	-1,3 %	3,6 %
Skatteinntekter pr innbyggjar	95,3 %	100 %

Time kommune fekk i 2017 ein nedgang i skatteinntektene på 0,8 % medan gjennomsnittet for kommunane var ein vekst på 4,5 %. Viktige årsaker til låge skatteinntekter var høg arbeidsløyse, fleire har gått ned i lønn og låg folkevekst.

Skatteinntektene per innbyggjar i 2017 var på 95,3 % av landsgjennomsnittet. I 2016 hadde me 100,1 %. Time kommune hadde i 2013 106,7 % av landsgjennomsnittet i skatteinntekter. Kommunen sine innbyggjarar har tydeleg fått merka nedturen i oljenæringa.

Avviket mellom budsjett og rekneskap når det gjeld overføringar, kjem frå 38 millionar kroner i sjuke- og svangerskapsrefusjonar og 23 millionar kroner i momskompensasjon. Ingen av desse inntektene er budsjetterte. Me har også fått 18 millionar kroner meir i statstilskot som kjem som øyremerka tilskot og meirinntekter for flyktningar.

Driftsutgifter

Driftsutgiftene aukar med 4,3 %, noko som er over veksten for driftsinntektene.

Meirutgifta på lønn gjeld bruk av vikarar som, på same måte som for refusjonar, ikkje er budsjettert.

Ein del av meirutgiftene under kjøp til eigen produksjon gjeld utgifter som er refunderte i auka brukarbetaling og andre inntekter. Når det gjeld auken i kjøp frå andre så gjeld dette kjøp frå staten, andre kommunar, interkommunale selskap og private. Desse kostnadane erstattar kostnadar for eigenproduksjon av tenestene.

Avviket mellom budsjett og rekneskap for overføringar gjeld først og fremst momskompensasjonen på 23 millionar kroner.

Finansinntekter/-kostnadar

Rentenivået i 2017 har vore endå lågare enn 2016. God likviditet har derfor ikkje gjeve meirinntekter. Avkastninga på finansplasseringane har meir enn kompensert for bortfall av renteinntekter.

Det låge rentenivået har i år slått inn i reduserte renteutgifter på låna våre. På grunn av god likviditet tok me årets låneopptak først i november. Me fekk derfor ikkje avdragskostnadar i 2017 og dermed mindreutgift i forhold til budsjettet.

Meirinntekter og mindreutgifter gjer at finansresultatet er 6,8 millionar kroner betre enn budsjettert.

Netto driftsrekneskap

Netto driftsresultat er på 41,6 millionar kroner mot budsjettert 15,5 millionar kroner. Driftsresultatet utgjer 3,1 % av brutto driftsinntekter, sjå figur. Dersom me korrigerer for netto inntektsført premieavvik på pensjon og ubrukte øyremerka statstilskot, er netto driftsresultat på 34,5 millionar kroner og 2,5 % av brutto driftsinntekter.

Resten av avviket mellom bokført og budsjettert driftsresultat skuldast fleire forhold: høgare rammetilskot, høgare øyremerka statstilskot og betre finansresultat.



Årsoppgjersdisposisjonar

Overføring til investeringa utgjer 1,6 % av sum skatt og rammetilskot. Dette er litt høgare enn kommunen sitt mål på 1,5 %.

Det er i 2017 avsett netto 3,3 millionar kroner til overskotsfond for tenestene som ved utgangen av året har samla overskotsfond på 8,2 millionar kroner.

Kommunen fekk etter årsoppgjersdisposisjonar eit årsoverskot på 14,7 millionar kroner.

3.2 Finans- og finansforvaltning

Finansmarknaden 2017

Aksjemarknaden i 2017 var prega av stigande oljeprisar og betra konjunkturar både nasjonalt og internasjonalt. Oslo børs steig i 2017 med 19,1 % og indeksen på eigenkapitalbevisa til sparebankane steig med 25,3 %.

Marknadsrentene er reduserte også i 2017 og risikopåslaget i rentene er noko redusert og dermed har me fått reduserte rentekostnadar i forhold til budsjett.

Aktivaklasse (i 1000 kr)	Marknads-verdi 31.12.2016	Marknads-verdi 31.12.2017	Realisert tap/gevinst	Urealisert tap/gevinst	Avkastning i prosent	Ramme i finans-reglement
Pengemarknads- og obligasjonsfond						50 mill. kr
Obligasjonar utstedt av finansinstitusjonar	1 012		24		2,4 %	20 mill. kr
Obligasjonar utstedt av norske selskap	3 420	2 007	549	-13	19,8 %	
Aksjefond						20 mill. kr
Aksjar/eigenkapitalbevis i norske selskap	7 660	9 332	799	843	19,3 %	15 mill. kr
Aksjar i utanlandske selskap						2,5 mill. kr
Sum	**12 093**	**11 339**	**1 372**	**830**	**18,8 %**	

Finansporteføljа er noko redusert trass i god kursutvikling på aksjane.

To av obligasjonane er innfridde til pålydande, noko som gav oss ein fin kursgevinst i 2017. Kursgevinstane er grunnen til avkastninga på obligasjonar utstedt av norske selskap på heile 19,8 %.

Avkastninga på aksjar og eigenkapital er i 2017 på 19,3 % der om lag halvparten er realiserte gevinstar i form av utbytte og kursgevinstar ved sal av aksjar.

3.3 Balanse per 31.12.2017

Balansen viser verdien av eigendelane til kommunen, og korleis desse er finansierte i form av eigenkapital og gjeld.

Balanse	Note	31.12.2017	31.12.2016
EIGENDELAR			
Anleggsmidlar		**3 581 165**	**3 256 908**
Faste eigedomar	11	1 875 862	1 694 087
Utstyr og maskinar	11	167 701	144 451
Utlån	12	334 510	296 127
Aksjar og andre eigardelar	3, 12	83 585	80 908
Pensjonar	4	1 119 507	1 041 335
Omløpsmidlar		**366 986**	**272 568**
Kortsiktige fordringar		139 302	99 519
Premieavvik	4	3 067	682
Aksjar og andelar	10	9 332	7 660
Obligasjonar	10	2 006	4 433
Kasse, bankinnskott		213 279	160 274
SUM EIGENDELAR		**3 948 151**	**3 529 476**
EIGENKAPITAL OG GJELD			
Eigenkapital		**1 017 687**	**913 637**
Av dette:			
Fondsmidlar	6	95 421	67 087
Endring i rekn. Prinsipp	9	3 321	3 321
Udekka og udisponert drift og invest.	15	-4 146	-5 909
Rekneskapsmessig mindreforbruk		14 726	24 775
Kapitalkonto	7	908 365	824 363
Gjeld		**2 930 465**	**2 615 839**
Kortsiktig gjeld		211 421	184 680
Langsiktig lånegjeld	13,14	1 362 738	1 139 058
Pensjonsforpliktelse	4	1 356 306	1 292 101
SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		**3 948 152**	**3 529 476**

Anleggsmidlar

Verdien av faste eigedommar, utstyr og maskinar har auka med 205 millionar kroner. Dette gjeld alle nye investeringar i 2017 minus avskrivingar og eventuelle sal. I anleggsmidlar inngår også utlån og pensjonsmidlar som også aukar betydeleg.

Omløpsmidlar

Omløpsmidlane er auka med 94 millionar kroner. Av desse utgjer 53 millionar kroner auka likvide midlar i bank. Auken har samanheng med større låneopptak i 2017 enn me hadde bruk for til finansiering av investeringane i 2017. Me har derfor ved utgangane av 2017 46 millionar kroner i ubrukte lånemidlar.

Fordringane er også auka. Dette gjeld skatteutjamning for november og desember og integreringstilskot på til saman 12 millionar kroner. Oppgjer med kjøparane i Foren burettslag er ført som fordring på til saman over 20 millionar kroner.

Gjeld

	Restgjeld pr 31.12.2016	Restgjeld pr 31.12.2017	Gj.sn. rente 2016	Gj. sn. rente 2017
Kommunalbanken	716 784	684 857	1,57 %	1,77 %
KLP Banken		225 000		1,37 %
Husbanken	221 727	252 881	1,80 %	1,47 %
Sertifikatlån	200 000	200 000	1,34 %	1,18 %
Rentesikring	350 000	250 000	1,62 %	1,62 %
Sum lånegjeld	**1 138 512**	**1 362 738**	**2,14 %**	**1,92 %**

Kommunen har gjennom rentesikring og fastrentelån sikra 41 % av brutto lånegjeld ved utgangen av 2017. Sikra netto gjeld er 58 %.

Likviditet og arbeidskapital

Differansen mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld, det vil seia arbeidskapitalen, gjev eit godt uttrykk for kommunen sin likvide situasjon. Arbeidskapitalen er betra med 67,7 millionar kroner i 2017. Viktigaste årsak er auka bankinnskot og auka fordringar.

Fondsmidlar

Disposisjonsfond	Disposisjonsfond - drift		Disposisjonsfond - investering	
(i 1000 kr)	2017	2016	2017	2016
Inngåande balanse 1.1.	27 238	6 369	8 787	9 182
Avsettingar	36 833	28 885	-	
Bruk av avsettingar	-5 100	-8 016	-5 432	-395
Utgåande balande 31.12.	**58 971**	**27 238**	**3 355**	**8 787**

Bundne fond	Bunde fond - drift		Bunde fond - investering	
(i 1000 kr)	2017	2016	2017	2016
Inngåande balanse 1.1.	21 952	15 850	9 109	15 427
Avsettingar	8 856	10 002	309	2 395
Bruk av avsettingar	-4 132	-3 900	-3 000	-8 713
Utgåande balande 31.12.	**26 676**	**21 952**	**6 418**	**9 109**

Disposisjonsfond kan brukast til både drifts- og investeringsformål. Dei er dermed ein fri reserve som kan nyttast om uventa forhold skulle inntreffa. Sjølv om disposisjonsfonda er betydeleg auka, har kommunen små frie disposisjonsfond samanlikna med andre kommunar.



Disposisjonsfondet i drift er auka med 31,6 millionar kroner til 59 millionar kroner. Dette utgjer 4,4 % av brutto driftsinntekter mot 2,1 % i 2016. Kommunen hadde eit stort årsoverskot i 2016 og dette er avsett til disposisjonsfond i 2017.

Bundne drifts- og investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål.

Når det gjeld vatn, avløp og renovasjon så skal desse områda gjerast opp kvar for seg og overskot/underskot skal salderast mot sjølvkostfond. Ved utgangen av 2017 står det 9 millionar kroner i sjølvkostfond.

Kommunen har også vedtatt at delar av plan og forvaltningstenesta skal gjerast opp mot sjølvkostfond. Arealplan har nå eit samla underskot på 1,5 millionar kronar og oppmåling og byggsak har samla fond på 0,8 millionar kroner.

Ubundne investeringsfond og rekneskapsmessig udisponert i investeringsrekneskapen er ubrukte midlar avsett i investeringsrekneskapen. Midlane er sette av til å fullføra vedtekne prosjekt.

Rekneskapsmessig mindreforbruk eller årsoverskot på 14,7 millionar kroner er føreslått avsett til disposisjonsfond.

3.4 Økonomiske nøkkeltal

	2014	2015	2016	2017
Netto lånegjeld av brutto driftsinntekter	69,0 %	72,8 %	74,6 %	73,2 %
Investeringar som er lånefinansiert	52,2 %	46,4 %	43,9 %	53,9 %
Disposisjonsfond av brutto driftsinntekter	0,3 %	0,5 %	2,1 %	4,4 %
Akkumulert premieavvik av brutto driftsinntekter	1,6 %	0,3 %	0,1 %	0,2 %



Kommunen har ei kommunal målsetting om at 1,5 % av sum skatt og rammetilskot skal brukast til delfinansiering av investeringane. I 2017 vart 1,6 % avsett til investeringsformål.

Netto driftsresultat varierer mykje frå år til år. Resultatet på 3,1 % i 2017 er godt sjølv om det er lågare enn i 2016. Anbefalt nivå på netto driftsresultat er på minst 1,75 %. Kommunen budsjetterte i 2017 med eit netto driftsresultat på 1,2 %.



Store låneopptak i 2017 førte til at lånegjelda rekna i prosent av driftsinntektene, har auka frå 75,2 % i 2016 til 78,2 % i 2017. Lånegjelda i Time ligg over Klepp og KOSTRA-gjennomsnittet, men under Sandnes og gjennomsnittet i Rogaland.

4 Omstilling og effektivisering

4.1 Rapportering om tiltak 2017

Tiltak	Merknadar	
Opplæring i bruk av digitale tenester for innbyggjarane	U	
Kartleggja behovet og laga plan for digital kompetanse i organisasjonen	D	Behovet er kartlagt, men plan for kompetanseheving er ikkje utarbeidd
Ferdigstilla plan for digitalisering	U	
Gjennomføra omstilling- og effektiviseringsprosjekt	U	
Finna og setja i gang nye innovasjonsprosjekt	U	
Implementera ny struktur for innovasjonsarbeidet	U	
Kartleggja «tidstjuvar» i kommunal drift	D	«Tidstjuvar» er identifisert i kartlegginga av stabane

4.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Innovasjon

I 2017 fekk Time kommune rapport frå forskingsinstituttet IRIS sitt 4-årige forskings- og utviklingsprosjekt «Medarbeiderdrevet innovasjon i kommunene - fra prosjekt til praksis». I prosjektet har IRIS forska på Time kommune og 3 andre kommunar (Sol?????, Harstad og Narvik) sitt arbeid med innovasjon. Rapporten viser at Time har kome langt med innovasjonsarbeidet. Det er utvikla mykje kompetanse rundt innovasjon og det er gjennomført mange gode innovasjonsprosjekt. IRIS peikar på at kommunen må vidareutvikla organiseringa rundt arbeidet og at ein spesielt må utvikla betre måtar for spreiing både av kompetanse og erfaringar rundt innovasjon.

I juni gjennomførte kommunen den årlege innovasjonsdagen, med presentasjon av innovasjonsprosjekt i kommunen og erfaringsutveksling frå eksterne forelesarar. Kommunen er også medarrangør av den årlege innovasjonskonferansen i Rogaland, som har fokus på innovasjon i offentleg sektor.

9 prosjekt søkte om støtte frå dei avsette innovasjonsmidla, og 5 fekk tildeling: Systematisk HMS-arbeid (Heimetenesta), Utviklande matematikk (Bryne skule), Systematisk innhenting av tilbakemeldinga frå brukarar, FIT/Feedbackinformerte tenester (Psykisk helse og rusvern), Makerspace (Undheim skule), God oppfølging av lærlingar i Time kommune (tverrfagleg gruppe).

Innovasjonsprosjektet «Framtidas innbyggjarservice» vart sett i verk med innovasjonsmidlar frå Fylkesmannen i Rogaland. Målet med prosjektet er å kartleggja moglegheiter for høgare effektivitet og kvalitet i kommunen sin kontakt med innbyggjarar og næringsliv.

Innovasjons- og samskapingsprosjektet «Alt på ein plass» vart sluttført våren 2017 med støtte frå Fylkesmannen i Rogaland. I samarbeid med IVAR, Rosseland ballklubb og EGGS Design vart det laga ein pilot på ei løysing der innbyggjarane kan få informasjon om tidspunkt og endringar i tidspunkt for renovasjon, skuleruter, treningstider i idrettslag og anna direkte inn i mobilkalenderen sin gjennom ein og same webapplikasjon. Applikasjonen har opne kjeldekodar og kan dermed utviklast vidare i tråd med kommunen sin smartstrategi.

Digitalisering

Digitalisering handlar om å bruka teknologi til å fornya, forenkla og forbetra. Det handlar om å tilby nye og betre tenester, som er enkle å bruka, effektive, og pålitelige. Digitalisering legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, og kan bidra til å auka produktiviteten i både privat og offentlig sektor.

Ny digitaliseringsstrategi er vedtatt. Strategien er bygd på at det skal vera lett å vera digital innbyggjar i kommunen og trygg og sikker dokumenthandtering. Formålet med digitaliseringa er å henta ut gevinstar med å tilby tenester til lågare kostnad og/eller betre kvalitet.

Ein føresetnad for bruk av digitale media er god nettkapasitet. Vedtak om at alle elevar skal ha nettbrett vart fatta i 2017. Arbeidet er starta og vil verta sluttført i 2018. Det er lagt datafiber til Undheim skule slik at alle skulane nå er klare for å ta i bruk nettbrett på alle trinn. Institusjonane i omsorg får nå installert internett til både tilsette, pasientar og pårørande, og det er sett i gang arbeid for å tilpassa velferdsteknologi til brukarar av omsorgstenestane.

I 2017 har kommunen tatt i bruk digital post; SvarUT og SvarInn, slik at ein stor del av post til og frå kommunen nå kjem digitalt. Dette gjeld også utsending av fakturaer frå kommunen. Me har gjort eit omfattande digitaliseringsarbeid i stabstenestene for å leggja til rette for digitalisering av tenestene. Me har starta prosjekt for å sjå på digitalisering av byggjesaksarbeidet.

Organisasjonstilpassing og omstilling

Økonomiplan 2017-2020 vart vedtatt utan at perioden 2018-2020 var saldert. Kommunestyret vedtok derfor eit omstilling- og effektiviseringsprosjekt som skulle gje kommunen ein kostnadsreduksjon og saldert budsjett i 2018. Formannskapet var styringsgruppe for prosjektet og rådmannen si leiargruppe, samt hovudverneombod og hovudtillitsvald, var prosjektgruppe. Omstillingsprosjektet enda med eit vedtak om ein kostnadsreduksjon på 14 millionar kroner i 2018 og 17 millionar kroner frå og med 2019.

I første tabell under viser dei prosjekta som det vart arbeidd med i omstillingsarbeidet. I andre tabell viser område som gjennom omstillingsarbeidet utpeikte seg som noko kommunen vil arbeida vidare med.

Prosjekt	Beskriving	Økonomisk gevinst		
		1. år	2. år	5. år
Sosialhjelp	Få sosialhjelpsbrukarar raskare ut i arbeid eller tiltak som gjer dei uavhengig av sosialhjelp som hovudinntektskjelde	2,8 mill.	3,5 mill.	3,8 mill.
Tidleg innsats barn og unge «på tvers»	Tidleg og effektiv samordna innsats	1,0 mill.	1,0 mill.	1,0 mill.
Omstilling skule	Kvalitet og struktur	0,2 mill.	0,4 mill.	0,4 mill.
	Utnytting av eksisterande og planlagde bygg	-0,3 mill.	-1,4 mill.	12,9 mill.
Omstilling omsorg	Oppfølginga av prosjekt Robust miljø (2015)			
	· miljøtenestene	0,7 mill.	0,7 mill.	0,7 mill.
	· heimetenestene	3,0 mill.	3,0 mill.	3,0 mill.
	· velferdsteknologi	0,6 mill.	2,9 mill.	4,4 mill.
Effektiv bruk av bygg	Syta for nødvendige formålsbygg i dei ulike tenestene og arbeidsplassar for tilsette, ved effektiv bruk av kommunale bygg.			
	Reduserte husleige kostnader	0,2 mill.	0,4 mill.	0,4 mill.
	Inntekter kommunale bygg	-0,1 mill.	-1,1 mill.	-1,5 mill.
Servicetorget fram i tid	Eit innovasjonsprosjekt er starta som skal kartlegga moglegheiter og anbefala retning for eit framtidig Servicetorg			0,5 mill.
Omstilling i stabane	Redusera administrasjonskostnaden og effektivisera tenesteproduksjonen i stabane	1,3 mill.	2,0 mill.	2,0 mill.
Forvaltning samfunn	Samordning av forvaltningsoppgåver i samfunn knytt til Plan- og forvaltning, Kommunalteknikk og Landbruk og miljøvern resulterer i reduksjon av tre årsverk. Reduksjon i gebyrinntekter på 1 mill.	1,0 mill.	1,0 mill.	1,0 mill.
Andre innsparingar				
Vintervedlikehald	Kommunen har ein høgare standard på vintervedlikehaldet enn samanliknbare kommunar. Rådmannen vil legga fram forslag til ny modell for vintervedlikehald.	0,2 mill.	0,5 mill.	0,5 mill.
Ny seniorpolitikk	Dekka auka kostnader AFP	-0,3 mill.	-0,5 mill.	-0,5 mill.
	Inndrar like mykje frå tenestene som før (dekker AFP-kost)	0,6 mill.	1,3 mill.	1,3 mill.
Reinhald kommunale bygg	Har stipulert innsparinga til fire årsverk	1,6 mill.	2,1 mill.	2,1 mill.
Utleigebustader	Kommunen har høge kostnader samanlikna med andre. Reduksjon på fire årsverk og auka kjøp av vedlikehaldstenester	0,5 mill.	0,5 mill.	0,5 mill.
Omstilling kultur	Forslaget vil bli konkretisert i økonomiplanen	0,5 mill.	0,5 mill.	0,5 mill.
Tilskot privat veg	Redusera tilskotet til grusing av private vegar	0,15 mill.	0,15 mill.	0,15 mill.
Omstilling næring	Evaluera og vurdera medlemskapen i Greater Stavanger (650 000 kr)			
Lærlingar	Vurdera om auken i lærlingar kan gje gevinst for drifta			
Sjukefråvær	Redusera sjukefråværet til 5,7% innan 2019 (det vert ikkje synleggjort økonomisk gevinst i denne omgang)			
Sum		**13,65 mill.**	**16,95 mill.**	**33,15 mill.**

Teneste	Kommentar
Teknologi og digitalisering	Det må vurderast om det er andre måtar å organisera ressursane på slik at me sikrar god utnytting av den samla kompetansen på dette området. Alle kommunalområda er på veg inn i ei auke digitalisering og auka bruk av ny teknologi og det må sikrast effektiv bruk av ressursar, kompetanse og vidare at me oppnår synergieffektar som samla er med og driv kommunen framover.
Fritid	Fritidsklubbene har ein viktig rolle i oppvekstmiljøet for barn og unge. Tenesta er organisert under Kultur i Samfunn og det må sjåast på korleis sikra god koordinering med tenestene på dei to andre kommunalområda. Her må det òg vera særlege fokus på prioriterte områder som er i Oppvekst og som retter seg mot aldersgruppa 0-18 år.
Eigedom	Opning og lukking av haller skjer i dag med tilsynsvakter tilsett av Time kommune. Det må vurderast om denne oppgåva kan organiserast av idrettslag mot kompensasjon. Dette kan òg gje ein innsparing for kommunen.
Samfunn	Det må sjåast på og vurderast organisering og leiarstruktur i Samfunn.
Flyktningarbeid	Flyktningtenesta er i dag organisert under Samfunn. Samtidig er barnehagetilbodet og skuletilbodet for både barn og vaksne i denne gruppa, organisert under Oppvekst. NAV er òg ein viktig aktør i flyktningarbeidet. Det må sikrast gode samankoplingar av tenestetilbodet slik at me står samla med god utnytting av kompetanse, uavhengig av kommunalområde tenesta er organisert inn i.
Omsorgstenester	Sjølv med dei kostnadsreduserande tiltaka som er føreslått i Omsorg 2017 ser ein at Time kommune ligg på eit høgare kostnadsnivå enn andre samanliknbare kommunar innan Omsorg. Det bør derfor arbeidast vidare med ei utredning på korleis kommunen kan redusera kostnadsnivået gitt den samansetning Time har i sin befolkning. Det må her vurderast å henta inn ekstern kompetanse for å ta del i dette arbeidet. Omsorg har 5,1 % leiarressursar, noko som er relativt lite samanlikna med dei andre tenestene. Rådmannen vil vurdera om dette er tilstrekkeleg i ein krevjande døgnbasert teneste.
Oppsøkjande ungdomsarbeid/kriminalitetsførebyggjande	Time kommune har i dag to tilsette som jobbar med oppsøkjande rusarbeid i målgruppa 16-25 år innan Omsorg. Ein vil sjå nærare på organisering og drift for å sikra godt samarbeid og koordinering med Oppvekst og andre førebyggjande tiltak og prioriteringar. Ein vil òg vurdera om målgruppa er rett.
Familiesenter og barnevernet si Tiltaksavdeling	Familiesenteret og barnevernets Tiltaksavdeling har ulike målgrupper. Derimot er fagområde og kompetanse som vert kravd av dei tilsette relativt lik. Det må sikrast at det ikkje er overlapp i tenesteleveranse og vidare må òg målgrupper og terskler vurderast.
Interkommunale samarbeid	Time er del av fleire interkommunale samarbeid med ulike samarbeidspartnarar og ulike vilkår. Rådmannen har allereie gått gjennom alle eksisterande avtaler og vil implementere nye instrukser for alle samarbeid Time er ein del av.

5 Velferdstenester

5.1 Hovudtal per tenesteområde

Totalt per tenesteområde Netto driftsutgifter (i 1000 kr)	Rekneskap 2017	Budsjett m/endringer 2017	Budsjett u/endringer 2017	Rekneskap 2016	Avvik (B-R) 2017
Administrasjon	66 912	68 002	68 175	64 367	1 090
Oppvekst	447 811	448 941	446 503	436 580	1 130
Omsorg	270 029	261 257	261 078	246 451	-8 772
Samfunn (utan VAR)	187 707	189 151	187 257	182 199	1 444
Sum nettodriftsutgifter	**972 459**	**967 351**	**963 013**	**929 597**	**-5 108**

5.2 Oppvekst

5.2.1 Økonomi

Oppvekst	Rekneskap 2017	Budsjett m/endringer 2017	Budsjett u/endringer 2017	Rekneskap 2016	Avvik (B-R) 2017
Administrasjon	6 868	6 936	6 939	4 668	68
Pedagogisk psykologisk teneste	5 885	6 627	6 617	6 106	742
Barnehagar	171 238	169 455	169 801	168 138	-1 783
Undervisning	210 152	210 761	208 581	206 428	609
Bryne kompetansesenter-vaksne	1 190	2 648	2 677	2 385	1 458
Kulturskule	6 445	6 487	6 487	6 419	42
Helsestasjons- og skulehelseteneste	12 689	13 375	13 399	12 327	686
Kriminalitetsførebygging	758	819	813	775	61
Barnevern	31 861	31 133	31 189	29 334	-728
Tenester utanfor ord. kommunalt ansvar	725	700	0	0	-25
Sum Oppvekst	**447 811**	**448 941**	**446 503**	**436 580**	**1 130**

Det økonomiske resultatet for oppvekst i 2017 viser 1,1 millionar kroner i mindreforbruk. Dei fleste einingane i Oppvekst har gått i balanse eller med eit lite mindreforbruk. Dette viser god leiing og god økonomistyring.

Det er registrert eit meirforbruk på barnehageområdet som kjem frå kjøp av plassar i andre kommunar og kostnadar til barn i private barnehagar samt utgifter knytt til spesialpedagogisk hjelp til barn med spesielle behov.

Barnevernstenesta har eit meirforbruk på 0,72 millionar kroner etter bruk av fond. Meirforbruket kjem i hovudsak av fleire plasseringar av barn og unge i statlege tiltak, som beredskapsheim og institusjonar.

PPT har eit mindreforbruk grunna vakante stillingar.

5.2.2 Rapportering om tiltak 2017

Tiltak	Merknadar	
Barnehage		
Revidera barnehagebruksplanen i 2017	U	
Redusera overkapasitet ved å avvikla avdeling Ragnestølsberget i Monsanut barnehage frå august 2017	U	
Alle kommunale- og private barnehagar deltek i prosjekt med fokus på kosthald, psykisk helse og fysisk aktivitet	U	
Utarbeida felles mal for arbeid med mobbing i barnehagane	U	
Auka pedagogisk bemanning i barnehagane opp på 41 % som er nasjonalt nivå	U	
Leggja til rette for fagarbeidarutdanning for åtte assistentar i kommunale og private barnehagar	U	
Implementera nytt lovverk om spesialundervisning (ny lovtekst)	U	
Kartleggja bruk av ny teknologi i barnehagane	I	Kartlegginga er ikkje gjennomført grunna permisjon i fagstab. Planlagt gjennomført i 2018.
Implementera ny nasjonal rammeplan	U	
Undervisning		
Finna midlertidig løysing for lokalitetar for grunnskulelevar på Rosseland skule	D	Løysing vert lagt fram i ny skulebruksplan 2. kvartal 2018
Ha minimum 15 lærarar som deltek i vidareutdanningstilbodet «Kompetanse for kvalitet»	U	
Testa ut innovasjonsprosjekt med ulike modellar for organisering og innhald av språkopplæringa til fleirspråklege elevar på utvalde skular.	D	Innovasjonsprosjekta er i gang med testing av modellar. Fire skular vil vera del av vidare uttesting skuleåret 2017/2018
Etablera systematisk samarbeid for kompetanse- og kunnskapsutveksling mellom Bryne kompetansesenter og grunnskulane.	U	

Tiltak	Merknadar	
Samarbeida med Bryne vidaregåande skule om innovasjonsprosjektet for å sikra at fleire elevar gjennomfører vidaregåande opplæring	U	
Vidareutvikla arbeidet mot mobbing, og ta i bruk digitale løysingar som skulen og føresette skal bruka	U	
Samarbeida med Bryne vidaregåande skule for auka gjennomføring i matematikkfaget regi av Jærskulen	U	
Samarbeida med Klepp kommune for auka gjennomføring i vidaregåande opplæring om arbeidslivsfaget på ungdomstrinnet	I	Kartlegginga er ikkje gjennomført grunna permisjon i fagstab. Planlagt gjennomført i 2018.
Utvida arbeidet med å setja i verk tiltak for å redusera spesialundervisninga med bruk av meir tilrettelagt opplæring	U	
To skular skal delta i programmet Zippys venner i forhold til psykisk helse	U	
Leggja til rette for fagarbeidarutdanning for assistentar i skule og SFO	U	
Utvida satsinga med nettbrett på utvalde trinn på alle skulane	U	
Delta med to skular i nasjonalt prosjekt med koding som valfag på ungdomstrinnet	U	
Leggja til rette for at fleire skular har minst ein lærar med rettleiingskompetanse overfor nyutdanna	U	
PPT, Barnevern, Time Kulturskule, Bryne Kompetansesenter (BKS), Helsestasjon, skulehelseteneste og familiesenter (HSF)		
Utvikla nye prosjekt i samarbeid med grunnskule og «Den kulturelle skulesekken»	U	
Time kulturskule skal tilby fagleg kompetanse og kurs for barnehagetilsette	U	
Barnevernstenesta skal sikra god drift i felles tiltaksavdeling for Time-, Klepp- og Hå kommune	U	
Utarbeida informasjon om tilbodet ved HSF på fleire språk	U	
PPT vil gjennomføra oppdatering/fornying av språkuavhengig testing	D	Undervegs. I april 2018 deltek heile staben på kurs.
HSF vil utforma skriftlege rutinar for ulike	U	

Tiltak	Merknadar	
overgangar		
HSF vil prøva ut ordning med tidleg heimebesøk av jordmor i tråd med retningslinjer frå Helsedirektoratet	U	
HSF vil delta i prosjektet «Familie for første gang»	U	
HSF vil styrkja skulehelsetenesta i grunnskulen med 80 % stilling og vidaregåande skule med 20 %	U	
Barnevern vil utarbeida nye rutinar saman med andre instansar på meldingar knytt til vald og seksuelle overgrep.	U	
PPT skal gjera meir systemretta arbeid som bidreg til førebygging og reduksjon i talet på utgreiingar.	D	Pågåande arbeid i samarbeid med fagstab
PPT skal vurdera ulike tiltak som kan bidra til å nå målet om to månaders ventetid.	U	
BKS vil utvida samarbeidet mellom særskilt norskopplæring (SNO, for elevar 6-16 år) og heimeskulane, for å styrka kompetansen på BKS og heimeskulane	U	
HSF vil testa ut programmet «Min helsestasjon»	U	

5.2.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Oppvekst

Gjennom *Strategiplan for oppvekst* har leiarane arbeidd med å definera mål og tiltak innanfor dei ulike områda.

Det er lagt ned mykje arbeid for å redusera behovet for spesialundervisning for elevar i grunnskulen. Viktige tiltak har vore deling av dei erfaringane Lye skule og PPT hadde i eit innovasjonsprosjekt. Kurs, kompetansebygging, alternative måtar å organisera bruken av miljøterapeutar og å nytta ny læringsteknologi har vore effektive tiltak. Talet på elevar med enkeltvedtak er redusert frå 9,2 % i 2015 til 7,2 % i 2016 og ytterlegare til 6,9 % i 2017.

Jærskulen har i 2017 hatt eit stort fokus på profesjonsutvikling i samarbeid med Knut Roald frå Høgskulen på Vestlandet.

Jærskulen skal saman med barnehagane delta i eit to-årig nasjonalt prosjekt med fokus på Trygt og godt skule- og barnehage miljø. Prosjektet er i regi av utdanningsdirektoratet og har oppstart i januar 2018. For Time vil to skular og to barnehagar delta i prosjektet.

Store endringar i talet på asylsøkjarar og arbeidsinnvandrarar har ført til redusert etterspurnad etter språkopplæring. Det har igjen gjeve behov for å tilpassa organisasjonen, og då særleg Bryne kompetansesenter.

Oppvekst hadde i 2017 eit sjukefråvær på 6,1 %, ein auke på 0,4 % frå 2016. Samla målsetting for området er eit sjukefråvær på maksimalt 5 %. Einingar med sjukefråvær over 10 % har fått bistand til analyse og utarbeiding av plan for å redusera fråværet.

Barnehage

Barnehageområdet har eit samla meirforbruk på 1,7 millionar kroner. Grunnen er først og fremst utgifter til barn som går i barnehage i ein av nabokommunane. I dei kommunale barnehagane er det god økonomistyring og dei fleste einingane har eit lite mindreforbruk.



Time ligg litt høgare i netto driftsutgifter per barn 1-5 år samanlikna med Klepp og Sandnes, men lågare enn Rogaland og KOSTRA gruppe 8.



Tabellen syner at Time har litt høgare brutto driftsutgifter per opphaldstime i kommunale barnehagar. Bakgrunnen for auken er at talet på tilsette med formell utdanning aukar. I 2015 var talet på tilsette med relevant utdanning på 58,9 % i 2017 er dette auka til 70,5 %.

Barnehagane hadde i 2017 ein samla reduksjon på omlag 30 plassar. Dette medførte at ein måtte redusera med om lag fem årsverk i dei kommunale barnehagane med verknad frå hausten 2017. Hovudgrunnen til nedgangen er at kullet som starta på skulen i august 2017 var større enn barnekulla som nå går i barnehagane, i tillegg til netto utflytting frå kommunen. Ein har redusert kapasiteten for dei kommunale barnehagane ved nedlegging av Ragnestølsberget som var ein avdeling under Monsanut barnehage.

Det er eit meirforbruk på 0,5 millionar kroner på spesialpedagogiske tiltak i barnehagane. Talet på barnehagebarn med nedsett funksjonsevne auka i 2017. I 2016 hadde 2,3 % av barna spesialpedagogisk hjelp og ved utgangen av 2017 er dette auka til 3,3 %. I tillegg til ei auke i tal på barn som får spesialpedagogisk hjelp ser ein og ei auke i timetalet per barn. Ein må i samarbeid med PPT sjå på denne utviklinga for å forstå bakgrunnen for auken. Denne auken gjeld ikkje berre for Time kommune, men ein ser den same tendensen i andre nærliggande kommunar.

I 2017 var det 102 familiar med til saman 122 barn som fekk redusert foreldrebetaling. Dette er ein nedgang frå 2016 då 115 familiar fekk redusert foreldrebetaling. Av 122 barn fekk 69 barn og gratis kjernetid mot 82 barn i 2016. Det kan sjå ut som det er omlag 9 % av familiane som har behov for denne ordninga.

Talet på dispensasjonar frå utdanningskravet for pedagogiske leiarstillingar i kommunale barnehagar er ved årsskiftet på berre 1,6 årsverk, noko som er ei svært positiv utvikling. For dei private barnehagane er talet på dispensasjon for utdanningskravet på 9,8 årsverk. I 2017 fekk dei private barnehagane økonomisk tilskot til å auka talet på pedagogisk bemanning for å oppfylla ny norm for pedagogisk personale som trår i kraft 1. august 2018. Ut frå tala ser det ikkje ut som tilskotet er nytta til formålet.

Barnehageområdet har hatt to ulike innovasjonsprosjekt med fokus på tidleg innsats. Eit av prosjekta har hatt fokus på å testa ut ulike modellar for å trygga foreldre i overgangen mellom heim og barnehage. Ein har i dette prosjektet arbeidd ut frå hypotesen om at «*trygge foreldre er eit godt utgangspunkt for ein trygg start i barnehagen».* Det andre prosjektet har hatt fokus på korleis ein tidleg kan oppdaga barn og familiar i risiko gjennom startsamtalen.

Alle kommunale og private barnehagar har i 2017 deltatt i prosjekt med fokus på kosthald, psykisk helse og fysisk aktivitet. Prosjektet vil verta avslutta til sommaren 2018.

Sjukefråværet i barnehagane var i 2017 på 7 %, ein auke på 0,8 % frå 2016. Kommunal målsetting for sjukefråværet i barnehagane er på 6 %. To barnehagar har i løpet av året hatt fråvær på over 9 % og har hatt spesiell oppfølging.

Undervisning

Området undervisning har samla eit mindreforbruk på 0,6 millionar kroner. Det har vore god økonomistyring på skulane. Mindreforbruket skuldast vakanse i fagstab Oppvekst. I tillegg er det eit mindreforbruk på barneskulane som mellom anna er knytt til dimensjonering av tilsette i forhold til endringar i barn som bruker SFO.

Kjøp av tenester frå andre som handlar om refusjonskrav for elevar som får spesialpedagogisk undervisning i privatskular viser eit meirforbruk på 1,9 millionar kroner. Dette er ei utfordring sidan desse utgiftene ikkje kan styrast av kommunen.



Time ligg lågare i netto driftsutgifter per elev i forhold til kommunar med same størrelse.

Lærartettleiken i ordinær undervisning er mellom to til tre fleire elevar per lærar i Time enn for fylket/nasjonalt, og dei andre Jærskulekommunane. Det vart i 2017 vedtatt normering for lærartettleik og det er knytt usikkerheit til kva konsekvensar dette vil få for Time kommune.





Talet på elevar med enkeltvedtak er redusert frå 9,2 % i 2015 til 7,2 % i 2016 og ytterlegare til 6,9 % i 2017. Samtidig er delen av lærartimar som går til spesialundervisning fortsatt høg samanlikna med dei andre. Noko av forklaringa er at vedtak som vert gjeve aukar i omfang sjølv om talet på elevar som får spesialundervisning går ned. Det har i heile perioden vorte arbeidd med tiltak for å redusera dette talet. Eit tiltak er at alle skulane tilbyr intensivkurs. Målet er at elevar skal løftast, innanfor eit avgrensa tidsrom, for å unngå at dei utviklar lærevanskar. Andre eksempel er å gje meir spesialundervisning i ordinær undervisning, miljøterapeutteam, og differensiering med bruk av læringsteknologi på ulike nivå.

Særskilt norsk språkopplæring (SNO) for fleirspråklege elevar vart hausten 2017 utvida frå tre til fire skular. Dette arbeidet har stor betydning fordi det er avdekka at elevar som ikkje meistrar norskspråket får utfordringar med å følgja den ordinære undervisninga. Over tid fører dette til lærevanskar og spesialundervisning.

Bryne ungdomsskule og Bryne skule er del av innovasjonsprosjektet «*Laget rundt læraren... og eleven*» som starta opp i 2017 som ei forlenging av innovasjonsprosjektet «*Samhandling for auka gjennomføring i vidaregåande skule*». Prosjektet går over to til tre år og skal testa ut effekten av at helsesøster er til stades på skulane kvar dag og eit nytt team med sosiallærar, helsesyster, spesialpedagog og rektor.

Innovasjonsprosjektet «Samhandling for auka gjennomføring i vidaregåande skule» har ført til ein ny plan for systematisk samarbeid om overgang mellom grunnskulen i Time og Klepp kommune og Bryne vidaregåande skule. Planen presenterer tiltak og ansvar for oppfølging på ulike nivå. Planen vart i 2017 integrert i kommunen sin eigen plan for overgang mellom barnehage og skule.

Frå skuleåret 2017/2018 kan elevane ved Bryne ungdomsskule velja arbeidslivsfag innanfor fire yrkesretta programfag ved Bryne vidaregåande skule, som eit resultat av eit felles innovasjonsprosjekt. Dei ulike faga er helse og oppvekst, restaurant og matfag, teknikk og industriell produksjon og bygg og anlegg. Elevane har undervisning i Bryne vidaregåande skule sine lokale, og med faglærarar frå derfrå. På denne måten får elevane eit innblikk i kva

som ventar dei neste åra. Dette samarbeidet er eit konkret tiltak som er med på å redusera faren for «drop-out».

Frå og med 2017 har alle skulane i Time tatt SchoolLink i bruk. Dette er ein digital tovegs kommunikasjonskanal med bruk av SMS mellom heim og skule. Formålet er at føresette lett skal koma i kontakt med skulen, kunna gje meldingar og få meldingar på ein effektivt og enkel måte.

Ei viktig oppgåve i Jærskule-samarbeidet er rekruttering av kvalifiserte lærarar. Talet på søkjarar har auka for kvart år og i 2017 hadde Time 140 søkjarar der 122 var kvalifiserte. Til samanlikning var det i 2015 108 søkjarar der 89 var kvalifiserte.

Sjukefråværet i skulane ligg med eit snitt på 5,7 % mot 5,2 % i 2016. Skulane ligg samla under snittet i kommunen, men over målsettinga for området på 4,5 %.

PPT

Tenesta har hatt eit mindreforbruk på 0,7 millionar kroner. Dette skuldast sjukepengerefusjon og vakante stillingar.

Ventetida på PPT har gått ned frå fem månadar i desember 2016 til to månadar i desember 2017. Dette må sjåast i samanheng med lågare sjukefråvær og tilsetting i vakante stillingar. Ved utgangen av 2016 var det 63 barn på ventelista medan talet var redusert til 14 ved utganen av 2017. Det er 490 aktive saker, av desse er det 322 gutar og 168 jenter. Av desse er 79 barn i alderen 0-5 år, 408 barn i alderen 6-15 år og 3 i alderen 16-19.

Ein ser ein svak nedgang i talet på nye saker i 2017. Det er for tidleg å seia noko om dette er ei varig nedgang eller ikkje. PPT satsar på auka fokus på systemarbeid og tidleg innsats. I tillegg er det ein del saker der skular og barnehagar ber om rådgjeving og rettleiing i staden for sakkyndig vurdering og spesialundervisning.

Sjukefråværet har gått ned frå 14,9 % i 2016 til 6,5 % i 2017. Målsettinga er 3,8 %.

Barnevern

Tenesta har eit totalt overforbruk på 0,7 millionar kroner. Dette skuldast i hovudsak fleire plasseringar av barn og unge i statlege tiltak, som beredskapsheim og institusjonar. Barnevern vert grunna færre kostnadskrevjande tiltak i 2016, redusert med to millionar kroner i 2017.



Tabellen viser ei auke i netto driftsutgifter til barnevern frå 6343 kroner i 2016 til 7168 kroner i 2017. Klepp, Sandnes, Rogaland og KOSTRA-gruppe 8 har og hatt ei auke i 2017. Bakgrunn for auken i netto driftsutgifter er knytt til auke i talet på barn plassert utanfor heimen.

2017 har vore eit år med høg aktivitet i barnevernstenesta. Interkommunal tiltaksavdeling starta hausten 2016. I 2017 har det vore fokus på å etablera drift og levera hjelpetiltak til Time, Klepp og Hå kommunar. Ved utgangen av 2017 var oppdraga jamnt fordelt mellom dei tre kommunane og det er tilstrekkeleg kapasitet i tiltaksteamet. Vidare mål er å ha trygge og kompetente rettleiarar og tilstrekkeleg kapasitet.

Barnevernstenesta har delteke i KS sitt effektiviseringsnettverk «Utvikling av fremtidens barnevern! Kunnskap og samspill mellom barnevern, øvrige tjenester og folkevalgte.» Denne analysen og brukarundersøkinga syner at barnevernstenesta må verta flinkare til å lytta til barn og unge. Ein har derfor inngått eit samarbeid med Forandringsfabrikken som består av nåverande og tidlegare ungdommar som er mottakarar av tenester frå barnevernet. Me vil ta i bruk fleire av deira verktøy som ligg i programmet «Mitt liv». Målet er å verta betre til å involvera barn og unge i arbeidet me gjer.

Totalt har 44 barnevernssaker vore til behandling i rettsapparatet, og av desse var 11 akutte saker. Dette er eit høgt tal samanlikna med andre år. Barnevernstenesta i Time har i dag 3,4 stillingar med fagutdanning per 1000 barn 0-18 år. Landsgjennomsnittet er 4,8 stillingar.

Sjukefråværet har gått ned frå 14,2 % i 2016 til 9,1 % i 2017. Målsettinga er 7,5 %.

Helsestasjons- og skulehelsetenesta

Tenesta hadde eit mindreforbruk på 0,7 millionar kroner. Dette skuldast vakant stilling og sjukepenge- og svangerskapsrefusjonar. Det har vore vanskeleg å rekruttera helsesyster til vikariat.



Time har hatt ei auke i netto driftsutgifter frå 2174 kroner i 2016 til 2738 kroner i 2017. Kommunen ligg over snittet i Rogaland og KOSTRA-gruppe 8.

I 2017 fekk helsestasjonen ei prosjektstilling finansiert frå Helsedirektoratet for jordmor på helsestasjonen, «Tidleg heimebesøk til nyfødt av jordmor». Prosjektet starta opp i september og har tilbydd mødrer som har reist tidleg heim frå sjukehuset heimebesøk innan tre dagar etter utskriving. Jordmor hadde frå september til utgangen av året 51 heimebesøk.

Fødselstala har gått noko ned i 2017, og er 244 mot 262 i 2016. Helsestasjonen er med i prosjektet «Familie for første gang». Det er jordmor som er med og rekrutterer til prosjektet. Dette er ei viktig satsing for å tidleg førebyggja skeivutvikling. I tillegg deltek helsesyster ved Bryne skule og Bryne ungdomsskule i prosjektet «Laget rundt læraren...og eleven».

Familiesenteret ser at det er auka behov for å følgja opp saker som handlar om samlivsbrot, psykiske vanskar, rusproblem og vald i nære relasjonar.

Sjukefråværet i 2017 er 5,5 %. I 2016 var dette 3,2 %. Målet er 3,8. Det er sett inn fleire tiltak for å endra denne trenden.

Kulturskule

Tenesta gjekk økonomisk i balanse. Det er gjennomført mange konsertar, førestillingar og speleoppdrag. Kulturskulen har sjølv arrangert eller deltatt på om lag 120 arrangement i løpet av 2017 med ca. 15 000 publikummarar. Førestillinga «Emil i Lønneberget» var ein stor suksess. Alle dramagruppene og korgruppa deltok i dette som danna avslutninga på kulturskuleveka 2017. Elevar på blås og stryk deltek i JUSI, eit orkestersamarbeid med Klepp og Hå. I november deltok eldste gruppe med framføringar i Kuppelhallen og i Storstova.

Rammeplanen «Mangfold og kvalitet» med fagplanar ligg til grunn for utvikling og drift av kulturskulen. Det er utvikla eigne fagplanar for alle fag i Time kulturskule. Fordjupningsprogrammet «Fredagsskulen» starta i oktober med rundt 30 elevar fordelt på musikk, dans, teater og visuell kunst.

Time kulturskule har hatt stor aktivitet med fokus på tverrfagleg samarbeid og ein har nådd dei tiltaksmåla som vart sette for 2017. Det er utvikla prosjekt retta mot ulike trinn i skulen og kurs for barnehagetilsette.

Sjukefråværet i 2017 var på 6,4 %. Dette er ei auke på 2,4 % i forhold til året før og 1,9 % over målsetting på 4,5 %.

Bryne kompetansesenter (BKS)
Dette er tenester som er delfinansiert med statstilskot og refusjonar frå samarbeidande kommunar. Drifta skal tilpassast inntektene. Asylmottaket i Klepp vart lagt ned i november 2016 og i Time sommaren 2017. Konsekvensane var at det kom færre vaksne deltakarar i norskopplæringa og elevar på grunnleggjande norskopplæring for barn i grunnskulealder (GNO). I tillegg kom det også færre arbeidsinnvandrarar med behov for språkopplæring.

BKS har ansvaret for opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar (introloven), for Klepp og Time kommune. Det har i 2017 vore vanskeleg å budsjettera og planleggja aktivitet grunna varierande tall på asylsøkjarar og busette flyktningar. På bakgrunn av dette vart det tilsett færre lærarar enn planlagt og aktivteten vart tilpassa ut frå endringar i behov.

Regjeringa sine krav til å gjennomføra obligatoriske statsborgarskapsprøvar, prøvar i samfunnskunnskap og norskprøvar har ført til at oppgåvene til BKS er endra. Det var 200 kandidatar som gjennomførte ulike prøver i 2017.

Grunnleggjande norskopplæring (GNO) for skulebarn er eit anna ansvarsområde for BKS. Også her flytta mange elevar bort då asylmottaket vart nedlagt, talet på elevar gjekk frå over 30 til 14. Prosjekt for å betra overgangen frå GNO til heimeskulane, og undervisninga i SNO (særskilt norskopplæring) på heimeskulane heldt fram. Mange lærarar har fått kurs, og ansvarleg for prosjektet får positive reaksjonar på dette arbeidet.

BKS gjev tilbod om grunnskule for vaksne, for Klepp-, Time - og Hå kommune. I 2017 starta ein opp eit prosjekt med førebuande vaksenopplæring (FVO). I prosjektet er læreplanane tilpassa vaksne innvandrarar, og det er mogleg å få både norsk språkopplæring og undervisning i grunnskulefag samtidig, prosjektet skal vara i tre år. Resultata så langt viser at det er stor interesse og behov for dette tilbodet.

Sjukefråveret var i 2017 på 3,4 % mot 1,5 % i 2016. Sjukefråværet er innanfor målsettinga på 4,5 %.

5.2.4 Utfordringar framover

Tidleg innsats, psykisk helse, kompetanse og samarbeid
Tidleg innsats er eit sentralt innsatsområde for Oppvekst. Det handlar om prioriteringar og samarbeid kor ein på eit tidleg tidspunkt kan oppdaga og setta i verk hensiktsmessige tiltak.

Dette kan eksempelvis handla om å gje tidleg spesialpedagogisk hjelp i barnehage, auka ressursinnsatsen og parallelt jobba for redusert spesialpedagogisk hjelp til eldre barn/ungdom.

Tidleg innsats vil òg handla om å ha kompetanse til å oppdaga behov og deretter finna gode tiltak. Sentralt her ligg det å sikra kvalifisert personell i dei ulike einingane, og å auka pedagogtettleiken i barnehagane vil vera avgjerande. Ein viktig faktor i tidleg innsats er samarbeid mellom ulike fag, einingar og instansar, ikkje minst når det gjeld fritidstilbod til barn og unge. Det same gjeld samarbeid med andre offentlege aktørar samt frivillige lag og organisasjonar.

Satsinga for eit inkluderande barnehage- og skulemiljø er eit eksempel på god brubygging og utnytting av kompetanse på dei to mest sentrale oppvekstarenaene. Å halda fokus på barn og unge si psykiske helse er ei av dei viktigaste oppgåvene til Oppvekst. God psykisk helse gjev grunnlag for at barn og unge kan henta ut potensialet sitt både på skulen og i det sosiale livet.

Digitalisering/ny teknologi

Utviklinga på det teknologiske området går svært fort og det er viktig å sikra god kompetanse hos dei tilsette. Det er eit mål å vera leiande i regionen på digital kompetanse hos barn og unge. Slik vil kommunen sikra god utvikling og kvalifisering fram mot vidaregåande skule og arbeidsmarknad.

Vidare vekst og utvikling

Time har i dag god dekning på barnehageplassar. Her ligg likevel ei utfordring knytt til usikkerheita når det gjeld tall på fødslar og utbyggingstakta på bustadar. Endringane som har vore på arbeidsmarknaden i regionen får konsekvensar for behovet for barnehageplassar. Barnehagebruksplanen vert revidert i 2018.

Skulebruksplanen viser ein vekst i elevtal kor Bryneområdet har størst press på tilgjengelege plassar. Rosseland skule nyttar nå lokale i Timehallen og kommunen greier nå ut om dei skulelokala kommunen overtar frå fylkeskommunen i ein periode skal nyttast av Rosseland skule. Det vil verta lagt fram ny skulebruksplan i 2018.

Samarbeid med andre kommunar

Det er i dag samarbeid med andre kommunar på ei rekke område innan oppvekst. Samarbeidet er frå fagleg utvikling, som Jærskulen, til samanslåing av tenester. Tenestetilbodet ved Bryne kompetansesenter er eit samarbeid mellom Time, Hå og Klepp, kor Time kommune har ansvar for drifta. Endringar i talet på asylsøkjarar har dette året bydd på store utfordringar og det vil truleg òg vera ei utfordring i komande år.

Barnevern

Barnevernstenesta jobbar mot ei utsatt gruppe barn, unge og foreldre der ein må sikra robuste tenester. Stabilitet i personalet, organisering, leiing, samt gode rutinar og internkontroll er sentrale element som vil verta følgt opp vidare framover.

Organisasjon og leiing

Oppvekst er eit stort tenesteområde med mange leiarar. Me kan visa til gode resultat på økonomistyring og faglege resultat og utvikling. Det vert satsa på utviklingsarbeid der ein tenker nytt, med fokus på innovasjon og bruk av den kompetansen som er bygd i organisasjonen. Leiarane si rolle i dette er sentralt og avgjerande.

Det ligg ei viktig utfordring i å sikra ei god organisering og at leiarane i Oppvekst kan utvikla seg fagleg som leiarar. Her må kommunen også sjå på ulike element som eksempelvis størrelse på einingane, leiaren si erfaring og type eining som vert leia. Gjennom god leiing kan Time sikra god oppfølging av dei tilsette. Dette vil ha stor påverknad på dei resultata einingane har og det tenestetilbodet som vert gjeve til innbyggjarane.

5.3 Omsorg

Tenesteområdet omfattar heimeteneste, miljøteneste, psykisk helse- og rusarbeid og institusjonsteneste. Omsorg skal fortsatt vera innovative og framoverlente. Me søkjer etter nye og betre måtar å utøva tenestene på. Me har mål om å forma tenester som skapar tryggleik, sjølvstende, sosial deltaking, inkludering og likestilling.

Velferdsteknologi er eit verktøy i dette arbeidet, som krev kunnskap, kompetanse og brukarmedverknad for å nå målet.

5.3.1 Økonomi

Omsorg	Rekneskap 2017	Budsjett m/endringer 2017	Budsjett u/endringer 2017	Rekneskap 2016	Avvik (B-R) 2017
Administrasjon	4 798	5 308	5 308	5 018	510
Institusjonstenester	90 079	84 554	84 131	84 524	-5 525
Heimetenester	56 418	57 093	55 979	52 906	675
Miljøtenester	87 301	81 165	81 472	74 091	-6 136
Rus og psykiatri	20 271	20 056	20 347	17 881	-215
Aktivitets- og servicetenester	9 523	9 596	10 356	8 535	73
Samhandling	1 639	3 485	3 485	3 496	1 846
Sum Omsorg	**270 029**	**261 257**	**261 078**	**246 451**	**-8 772**

Omsorg har eit meirforbruk på 8,8 millionar kroner i 2017. Dette gjeld institusjonstenester og miljøtenesta. I institusjonstenester er det meirforbruk både på vikarar, ekstrahjelp og driftsutgifter. I miljøtenesta skuldast meirforbruket kjøp av eksterne omsorgsplassar, ekstrahjelp, overtid og mindreinntekter ressurskrevjande tenester.

Det har vore ein auke i behovet for tenester til brukarar som har behov for særleg ressurskrevjande helse– og omsorgstenester. For å møta behova har me måtta bemanna opp eigne tiltak og kjøpt eksterne omsorgsplassar.

I miljøtenesta vart det i slutten av 2016 kjøpt ein ekstern institusjonsplass som ikkje var budsjettert for i 2017. Det vart også kjøpt ein ekstern plass for psykisk helse- og rusarbeid. Dette er fordi kommunen ikkje sjølv har relevant kompetanse.

Det har og vore to utskrivingar frå spesialisthelsetenesta med behov for nattevakter kvar natt i heimen.

Meirforbruket i institusjonstenester skuldast delvis ekstra innleie til ressurskrevjande tenester til enkeltbrukarar. Ekstra tiltak har vorte teke i bruk for å tryggja brukarar og tilsette.

Jæren øyeblikkelig hjelp (JØH) vart flytta frå Klepp til Sandnes i 2017. I den samanhengen vart fondsmidlane brukte til å dekka delar av drifta i 2017.

I 2017 var det 27 brukarar som hadde behov for ressurskrevjande tenester mot 26 året før. Innslagspunktet for refusjon har auka med 50 000 kroner og er nå 1 235 000 kroner. Dette gav oss eit meirforbruk med 1,4 millionar kroner. Utgifter utover innslagspunktet vert refundert med 80 %.

5.3.2 Rapportering om tiltak 2017

Tiltak	Merknadar	
Gjennomføra brukarundersøkingar innan Heimeteneste og Dagsenter for eldre	D	Vert gjennomførde til hausten
Gjennomføra prosjektet Heiltidskultur og arbeidstidsordningar	D	Prosjektet pågår med testing av ulike arbeidstidsordningar.
Setja i verk målretta tiltak for å redusera sjukefråværet	U	
Testa ut velferdsteknologi (f.eks. lokaliseringsteknologi -GPS, elektronisk medisineringsstøtte og elektroniske dørlåsar/ e-lås)	U	
Inkludera rusmiddelpolitisk handlingsplan i revideringa av Strategiplan Omsorg	I	Strategiplan omsorg er utsett til 2018
Gjennomføra kvardagsinnovasjon i einingane	U	
Gjennomgå dagtilbodet i omsorg for å gje rett dagtilbod i forhold til brukarbehov	U	Dette gjeld dagsenteret for personar med psykisk og fysisk funksjonssvikt. Det er ein del av Omstilling 2017
Setja i verk interkommunalt tilbod om øyeblikkeleg hjelp for brukarar innan psykisk- helse og rusarbeid	U	
Planleggja organisering og drift av Stemmen burettslag	U	

5.3.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Omsorg

Administrasjonen

Året har vore prega av fleire omfattande prosjekt. Omstilling 2017 «Rett teneste til rett tid» vart vedtatt i kommunestyret desember 2016. Mandatet til omsorg var å tilpassa organisering, struktur til brukarbehov og leiing.

I omstilling 2017 vart det vedtatt at norma på heimehjelp/praktisk bistand vart redusert frå kvar andre veke til kvar tredje veke. Tenesta skal tilpassast kvar enkelt sitt behov.
Sone Nord i heimetenesta har flytta basekontoret med personale til Kvernaland

omsorgssenter, for å knyta omsorgssenteret tettare opp til Heimetenesta. Dette vil og gje innsparing på driftsutgifter til transport.

Bryne dagsenter for personar med fysisk og psykisk funksjonssvikt har skifta namn til Bryne aktivitetssenter. Omstillinga til aktivitetstilbod for brukarane vert sett i gang frå april 2018.

Saka om nedlegging av Håbakken bufellesskap vert avklart hausten 2018. Omstillinga av ambulant team er avhengig av kva som skjer med Håbakken.

I prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» er målet å laga arbeidstidsordningar etter brukarane sine behov og redusera deltidsstillingar. Alle tenesteområda har hatt fokus på å auke stillingsbrøkar, og sjå på korleis ein kan redusera omfanget av små deltidsstillingar. På sikt vil store stillingar vera med på å letta rekrutteringa.

I Nærværsprosjektet samarbeider Omsorg med Arbeidslivsenteret NAV og bedriftshelsetenesta (BHT) for å redusera sjukefråværet. Målet er blant anna å gjera leiarane trygge og kompetente i arbeidet med sjukefråvær. Det totale sjukefråværet er på veg nedover i alle tenesteområda. Den enkelte verksemdsleiar må fortsatt arbeida med tiltak for å redusera sjukefråværet.

Samla sjukefråvær for omsorg har gått ned frå 10,6 % i 2016 til 7,9 % i 2017. Målsettinga er 7,3 %.

Felles



Ein stor del av driftsutgiftene er innleie av sjukevikar. Med hjelp av sjukefråværsprosjektet er fråværet redusert samanlikna med 2016.

Kvalitetsteam er gjennomført tre gonger i dei fleste einingane. Tema som vert tatt opp er melde kvalitets- og HMS-avvik i Qm+, sjukefråvær, fysisk- og psykososialt arbeidsmiljø, internkontrollar og legemiddelhandtering.

Det har vore totalt seks klagesaker i Omsorg, ingen i løpet av den siste tertialen. To av desse sakene vart sende til Fylkesmannen. Fylkesmannen gav Omsorg medhald i den eine saka og delvis medhald i den andre.

Jæren øyeblikkeleg hjelp (JØH) flytta til Sandnes våren 2017. Det er eit alternativt tilbod til sjukehusopphald for kronikarar. Det er fastlegar og legevakt som kan leggja inn på JØH. Time kommune betaler for to senger per døgn. Nytta liggedøgn for Time kommune har gått ned dette året. Første tertial nytta me 59 % av dei tildelte liggedøgna. I andre tertial brukte me 36 % mot 26 % i tredje tertial. Kommuneoverlegen fylgjer dette opp med fastlegane for å finna grunnen til denne nedgangen.

Kommunalsjefen si internkontrollgruppe har utført kontrollar i legemiddelhandtering, dokumentasjon og saksbehandling. I år starta me med kontrollar på «Forvaltning av tenestemottakar sin private økonomi» for dei brukarane omsorg forvaltar/oppbevarer kontantar eller bankkort for. Me har utført totalt ni internkontrollar og to etterkontroller grunna avvik.

Omsorg har fokus på ernæring. Alle einingane har ernæringsansvarlege, totalt 24. I samarbeid med kollegaer skal ernæringsansvarlege formidla og vidareføra Time kommune sin strategi for eit godt ernæringsarbeid.

Time kommune har deltatt i ulike ernæringsprosjekt:

- Nasjonal pilot for ernæring – pasientsikkerhetskampanjen 24/7
- Kreft og ernæring – samarbeid med Kreftforeningen
- Førebygging og behandling av underernæring

Velferdsteknologi og digitalisering

I økonomiplanen 2018-2021 er målet at 80 % av kommunikasjonen med innbyggjarane skal vera digital.

Omsorg har førebudd sitt elektroniske system, Visma profil, til å senda enkeltvedtak digitalt til innbyggjarane. Det er forventa oppstart våren 2018.

Omsorg har fått skjønnsmidlar av Fylkesmannen i Rogaland til å testa ut innbyggjardialog for brukarar, pårørande og tilsette i Foren burettslag med hjelp av kommunikasjonsløysinga Jodacare. Skjønnsmidlar skal også brukast til å implementera «innbyggjardialog» frå den elektroniske pasientjournalen i Visma profil.

Time kommune er med i Nasjonalt velferdsteknologiprogram, eit interkommunalt samarbeid med ti andre kommunar i Sør-Rogaland. Det vert utarbeidd felles anbod, som har ført til at innkjøp av velferdsteknologiske løysingar har vorte utsett og dei budsjetterte midlar for 2017 er lite nytta.

Målet for prosjektet er at kommunane innan sommaren 2019 skal ha implementert minst ei velferdsteknologisk løysing. Time kommune har valt elektronisk medisineringsstøtte og digitalt tilsyn, både med hjelp av sensorar og kamera.

Det er testa ut GPS både i heime- og institusjonstenesta. Både pårørande og tilsette i institusjonane har vore nøgde. Det har gjeve brukaren fridom til å ta seg ut i nærområda, utan følgje.

Tidleg innsats

Kvardagsrehabilitering har fokus på tidleg innsats for å utsetja behov for omsorgstenester. Kvardagsrehabilitering har vurdert 105 brukarar, 30 var ikkje aktuelle for denne tenesta, 64 har fullført programmet og 11 har avbrote. Aldersgruppa 85-90 er den gruppa som har flest deltakarar (21 personar).

Dei fleste tilvisingane vert «fanga opp» via søknadar om diverse hjelpemiddel til fysioterapi og/eller ergoterapi. Dette er personar som tek kontakt for første gong, og som er på veg til å utvikla eit hjelpebehov. Dei har ikkje heimesjukepleie frå før. Etter fire veker med kvardagsrehabilitering har dei heller ikkje behov for tenester. På den måten har behovet for tenester vorte utsett for rundt 25 % av dei som har gjennomført rehabiliteringa. Utan kvardagsrehabilitering kunne dei hatt behov for gjennomsnittleg to timar kvar per veke. Resultatet av kvardagsrehabilitering for at dei fleste, er ein reduksjon i behovet på rundt ein time per veke.

Demenskoordinator (sjukepleiar) og ein ergoterapeut utgjer hukommelseteamet. Dei har 56 registrerte brukarar og av dei er 20 personar utgreia i 2017. Totalt vert 37 brukarar følgde opp med faste besøk og rettleiing. Personar med diagnose demens under 65 år vert følgd tett opp av demenskoordinator då denne gruppa treng eit tilpassa tilbod.

Kreftkoordinator har ein jamn etterspurnad etter råd, rettleiing og støttesamtalar. I 2017 var det 30 registrerte brukarar mot 14 brukarar i 2016. Flest tilvisingar er frå kreftramma i palliativ fase (lindrande behandling) som ikkje mottek andre tenester frå kommunen. Kreftkoordinator bidreg til kontinuitet i oppfølginga frå heimen, fastlege, heimesjukepleie, spesialisthelsetenesta, kortidsopphald og til livets slutt.

Kompetanse

Omsorg fekk 1,8 millionar kroner frå Fylkesmannen sitt «Kommunale kompetanse- og innovasjonstilskot». 19 personar har fått tildelt rekrutteringsstipend, master/etterutdanningsstipend og interne opplæringskurs i tråd med omsorg sin kompetanseplan.

Omsorg har også fått innovasjonsmidlar frå Fylkesmannen til å lønna ein elektrikar i stillinga som fagarbeidar i velferdsteknologi. Me har bytta ut alle analoge tryggleiksalarmar med digitale alarmar. Fagarbeidaren har og bygd opp lagerføringa for velferdsteknologi i Visma Profil.

Skal me lukkast med å implementera velferdsteknologi må ein ha kompetanse på området. Me brukar Velferdsteknologiens ABC i denne kompetansehevinga.

Omsorg fekk 330 000 kroner til bustadsosialt arbeid og 2,1 millionar kroner til kommunalt rusarbeid. Dette er midlar som er brukt til 3,5 årsverk i avdeling psykisk helse og rusarbeid til førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Tilskotet vert redusert proporsjonalt med auke av kommunale midlar, som skal dekkast med rammeoverføringar i tråd med Opptrappingsplanen, rusfeltet.

Omsorg har 16 lærlingar i helsefag. Det vart tilsett sju lærlingar i august. Fire lærlingar tok fagbrevet i 2017. To av lærlingane arbeider nå som helsefagarbeidar i kommunen, ein i fast stilling og ein i vikariat.

Lærlingansvarlege i Klepp, Time og Hå har starta opp eit samarbeid om opplæring av lærlinginstruktørar og felles fagsamlingar for lærlingane. Kommunalområda omsorg og oppvekst har saman med organisasjon starta opp eit innovasjonsprosjekt i 2017 som skal sluttførast i 2018: «*Hvordan sikre lærlingene et godt læreløp*»

I tillegg har me hatt elevar frå vidaregåande skule, personar i språkpraksis, vernepleie– og sjukepleiestudentar og 22 personar i arbeidspraksis i regi av NAV.

Institusjonstenester



Med hjelp kvardagsrehabilitering og rett bruk av omsorgstrappa vert behovet for langtidsplass utsett. Time og Klepp ligg lågare enn gjennomsnittet i fylket når det gjeld innbyggjarar over 80 år som bur på institusjon. Det same gjaldt i 2016.



Alle kommunane i KOSTRA-gruppa har auka, unntatt Sandnes. For Time kommune sin del skuldast det først og fremst kjøp av eksterne institusjonsplassar.

Institusjonstenestene omfattar sjukeheimane Sivdamheimen og Bryneheimen. Vaskeriet er lokalisert på Bryneheimen.

Sivdamheimen har korttid/rehabiliteringsavdeling, ei avdeling for demensomsorg og Vibå dagsenter for personar med demens.

Bryneheimen har langtidsplassar og aktivitetsavdeling. Aktivitetsavdelinga er for bebuarane og for personar som bur i nærleiken og er ein del av kommunen sitt fokus på tidleg innsats. Institusjonane gjev og tilbod om rullerande korttids-/ og avlastingsplassar.

Begge institusjonane har i år hatt tilsyn av Miljøretta helsevern. Det vart ingen avvik.

Den lokale forskrifta «Forskrift om rett til langtidsopphald i sjukeheim – kriteria og venteliste» vart vedtatt i kommunestyret november 2017.

Bryneheimen har fire ektepar/sambuar-rom, fire ektepar har nytta dette tilbodet i haust.

Sivdamheimen har fått innlagt trådlaust nett til bruk for både for tilsette, brukarar og pårørande. Installeringa på Bryneheimen er under arbeid.

Sjukefråveret var i 2017 på 8,7 % mot 8,8 % i 2016. Målsettinga er på 7,5 %.

Heimetenester



Som i 2016 ligg Time kommune rundt snittet i Rogaland per mottakar av heimetenester.

Tenestene omfattar heimesjukepleie og praktisk bistand, Kvernaland omsorgssenter, bukollektiv, tryggleiksalarmar, støttekontakt, omsorgslønn, matombringing til heimebuande, dagsentertilbod, BPA (brukarstyrt personleg assistent), velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering.

Våren 2019 er det planlagt brukerundersøkelse for dagsenter for eldre.

Heimetenesta har starta eit innovasjonsprosjekt for systematisk tilsett-drive HMS-arbeid med hjelp av innovasjonsmidlar og tilskot frå NAV. Prosjektet involverer alle tilsette i å identifisera utfordringar, og koma med forslag til tiltak som kan løysast innanfor gjeven ramme.

Sjukefråværet var i 2017 på 5,8 % mot 9,2 % i 2016. Sjukefråværet er innanfor målsettinga på 7,5 %.

Rus og psykiatri

Tenesteeininga består av psykisk helse- og rusarbeid på dagtid, døgnbemanna bufellesskap (i Kolheia og på Svertingstad), Svensenhuset (lågterskel dagtilbod) og støttekontakt/treningskontakt.

Tenesteområdet hadde tilsyn av miljøretta helsevern våren 2017. Rapporten viste ingen avvik.

Fagutviklar slutta i stillinga hausten 2017, det vert ikkje tilset ny før i 2019.

Jæren øyeblikkelig hjelp har frå 1. juni 2017, etter avtalen hatt ei seng som er tilgjengeleg for brukarar med lettare rus og psykisk helsevanskar.

Brukarplan er eit verktøy til å kartleggja omfanget av rus- og psykiske problem hos tenestemottakarar i kommunen. Time kommune har kartlagt 124 personer i 2017.

Erfaringskonsulenten har stor effekt i arbeidet med konstruktiv tilnærming. Kartlegginga viser at på grunn av erfaringskonsulenten har fleire brukarar fått eit rusfritt liv. Time er ein av to kommunar i Rogaland som har fastlegane med på registreringa.

Assertive community treatment (ACT-team) er eit interkommunalt samarbeid med Jæren distriktspsykiatriske senter. Det er eit aktivt oppsøkjande behandlingsteam, med spesialistkompetanse. Teamet består av psykiater, psykolog, tre miljøterapeutar samt erfaringskonsulent. I dag er det 12 brukarar frå Time kommune som får denne tenesta.

Sjukefråværet var i 2017 på 9,0 % mot 12,4 % i 2016. Målsettinga er 7,5 %.

Miljøteneste

Tenesta er for personar med nedsett fysisk og/eller psykisk funksjonsevne og unge med tilknytings- og åtferdsvanskar. Tenesta inneheld heildøgnsomsorg, nødvendig helsehjelp, praktisk bistand og opplæring i daglege gjeremål, aktivitetssenter, omsorgsstønad, støttekontakt, tilrettelagt aktivitetstilbod før og etter skuletid (TAT), brukarstyrt personleg assistent (BPA) og avlastingsbustad.

Time kommune har eit samarbeid med Jæren industripartner (JIP) og NAV om varig tilrettelagte arbeidsplassar (VTA). Det vert halde fire samarbeidsmøte i året. Det er sju personar på ventelista, noko som er ei halvering frå 2016.

Miljøtenesta har hatt fire tilsyn i 2017:

- Miljøretta helsevern
- Førebyggjande brannvern for heimebuande
- Arbeidstilsynet: «Tilsyn med arbeidsmiljølovens krav for å forebygge arbeidsrelatert sykdom og skade i Holmebakken»
- Fylkesmannen: «Tilsyn med helse-og omsorgstenester til personar med utviklingshemming i Time kommune»

Fylkesmannen og arbeidstilsynet gav avvik og påpeika blant anna manglande leiarressursar i Miljøtenesta. Det vart sett i gang tiltak for å retta opp avvik i desember. Arbeidet med å lukka avvika vil forsetta ut i 2018 og må arbeidast inn i økonomiplanen.

Sjukefråværet var i 2017 på 8,2 % mot 12,4 % i 2016. Målsettinga er 7,5 %.

5.3.4 Utfordringar framover

Sjukefråværet

Meirforbruket i omsorg skuldast i stor grad sjukefråvær. Døgnomsorg krev at det er kompetente tilsette på arbeid til ei kvar tid. Her må ein sjå nærare på dei budsjetterte vikarmidlane for å kunna driva fagleg forsvarleg døgnet rundt.

For å få ned sjukefråværet er eit av tiltaka å ha fokus på HMS-tiltak. Dette kan for eksempel vera å investera i gode ergonomiske hjelpemiddel-som kan vera med på å førebyggja skjelett-/ og muskelskadar. Samtidig med at tilsette får opplæring i forflyttingsteknikk.

IKT- infrastruktur

Omsorg yter 24/7 tenester og er avhengig av at dei elektroniske verktøya som er i bruk til ei kvar tid fungerer. Utfordringa er at det ved problem ikkje er ei vaktordning tilgjengeleg.

Implementering av velferdsteknologi

For å få til optimale løysingar til å ta i bruk velferdsteknologi er det viktig at kommunen byggjer ein leveransemodell som ikkje er avhengig av enkeltpersonar. I tillegg må me designa tenestene våre for å kunna gje effektive og korrekte tenester til brukarane. Me må sikra nok ressursar til å kunna byggja organisasjonen og driva den på ein effektiv måte.

Me må også byggja organisasjonen på ein slik måte at me klarer å handtera alarmar frå utstyr og for eksempel avstandsoppfølging for kronisk sjuke, dette må handterast 24/7. Ein må og sikra at saksbehandlar og dei som kartlegg behova til brukar har rett kompetanse, og gjer dei rette vurderingane.

Forventningsgapet

Utfordringane framover vert å avklara forventningar til tenester, standard og kvalitet. Det krev god informasjon ut til innbyggjarane om tilboda som finst for å meistra kvardagen utan offentlege tenester.

Leiing

Omstilling 2017 avdekka at Omsorg har for få leiarressursar. Dette vert og bekrefta i tilsynsrapportene frå Fylkesmannen og Arbeidstilsynet. Det er ei utfordring å gjera leiarstillingane handterbare og attraktive, samt å styrkja og utvikla leiarrolla.

Utfordringane i Miljøtenesta er å vera leiar for fleire bueiningar som medfører ei stor personalgruppe som krev styring og rettleiing. Fylkesmannen sin kommentar i tilsynsrapporten «*Vegen frå mangelfull styring til mangelfull tenesteyting er kort*». Miljøtenesta må organiserast på ein slik måte at me sikrar god kvalitet på tenestene og leiarstillingane vert handterbare og attraktive. Me må arbeida for å gje leiarane rom for tydeleg og god leiing, slik at dei sikrar god oppfølging av dei tilsette og får ei god oversikt på økonomiarbeidet.

Leiarane i Heimetenesta og i Institusjon har liknande utfordringar med vide ansvarsområde.

Heiltid og arbeidstidsordningar

Implementera prosjektet Heiltid og arbeidstidsordningar for å redusera deltidsstillingane og ha relevant kompetanse heile døgnet i alle einingane.

5.4 Samfunn

5.4.1 Økonomi

Samfunn	Rekneskap 2017	Budsjett m/endringer 2017	Budsjett u/endringer 2017	Rekneskap 2016	Avvik (B-R) 2017
Administrasjon	2 810	2 793	2 800	2 708	-17
Plan og forvaltning	4 218	4 695	4 702	4 374	477
Landbruk, miljø og kulturvern	5 451	5 622	5 620	5 245	171
Vegar	9 928	9 574	9 587	11 348	-354
Helse og rehabilitering	30 497	30 490	31 040	30 355	-7
Fritid	12 797	12 610	12 589	14 098	-187
Flyktningtenesta	15 630	15 501	14 453	10 652	-129
NAV Time - sosialtenester	32 124	31 836	31 866	31 656	-288
Grøntanlegg	9 519	9 683	9 318	8 813	164
Brannvern	7 131	7 227	7 227	5 781	96
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	0	0
Kultur	2 141	2 708	2 726	1 375	567
Eigedomsforvaltning	49 245	50 408	49 310	50 067	1 163
Bibliotek	6 216	6 004	6 019	5 727	-212
Sum Samfunn	**187 707**	**189 151**	**187 257**	**182 199**	**1 444**

Tenesteområdet har samla mindreutgifter på 1,4 millionar kroner. Dette etter at det er framført 1,12 millionar kroner av samla mindreutgifter innan Eigedomsforvaltning og Landbruk, miljø- og kulturvern til 2018.

Sjølvkosttenestene vatn, avløp og renovasjon viser ikkje sluttresultatet for 2017. Vatn og avløp gjekk samla sett i balanse. Ved utgangen av året er då sjølvkostfondet for vatn på 3,5 millionar kroner og for avløp 4,9 millionar kroner.

Renovasjonstenesta hadde mindreutgifter på 56 000 kroner i 2017. Dette etter at det er gjort opp for eit samla negativt sjølvkostfond på 1,1 millionar kroner frå tidlegare år.

5.4.2 Rapportering om tiltak 2017

Tiltak	Merknadar	
Folkehelse, plan og landbruk		
Revidera Folkehelseprofil for Time kommune	D	Arbeidet er godt i gang og vil verta avslutta våren 2018
Arbeida for å etablera eit meir samanhengande turstinett	U	
Følgja opp konkrete område- og detaljreguleringsplanar i tråd med planstrategien	D	Tre av områdeplanane er varsla og er under arbeid

Tiltak	Merknadar	
Gjennomføra opparbeiding av Kaizersplassen, Mølledammen nord og sør og Shared space i Reevegen i tråd med handlingsplanen til ny sentrumsplan	D	Opparbeidinga er i full gang og er venta ferdigstilt våren 2018
Få godkjent planprogram for ny arealdel til kommuneplanen	U	
Utarbeida tiltaksplanar for vassmiljøet i Orre- og Håvassdraget	D	Tiltaksplanen for Håvassdraget er ferdig. Arbeidet med tiltaksplanen for Orrevassdraget har starta opp. Klepp kommune er ansvarleg
Ta vare på biologisk mangfald ved å setja ut humlekassar, etablera blomstereng, utsetja kantslått og redusera bruk av sprøytemiddel	D	Bruken av sprøytemiddel er redusert m.a. ved å nytta varmt vatn. Utsetja kantslått og plassera ut humlekassar vert tatt opp vår/sommar 2018
Beredskap		
Gjennomføra beredskapsøving	U	
Etablera dagkasernering ved Bryne brannstasjon	U	
Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon		
Gjennomføra prioriterte tiltak i Trafikktryggleiksplanen	U	
Setja i verk vedtatt parkeringsstrategi for parkering i Bryne sentrum	U	
Utarbeida gatebruksplan for heile Bryne	D	Oppstart av planarbeidet vart godkjent av formannskapet i haust. Planarbeidet pågår
Utarbeida plan for sanering av leikeplassar på Kvernaland	I	Vil verta utarbeidd når tilsvarande plan på Bryne er ferdig i 2018
Styrka vedlikehaldsarbeidet på kommunale vegar	U	
Skifta ut halogenarmatur med kvikksølv i gatelys med nye LED-armatur	D	Arbeidet pågår over fleire år, 2016-2019
Systematisera og digitalisera drift av overvass-, veg- og grøntanlegg	U	
Alle bygningar som har vassforsyning, skal ha installert tilbakestrøymingsvern og vassmålar	D	Vert følgt opp fortløpande m.a. med informasjonsskriv til gjenståande husstandar
Gjennomføra førebyggjande tiltak for vasshandtering i utsette område på Bryne	D	Rosselandsområdet er prioritert, og det er skifta ut om lag 80 felleskummar. Vert følgt opp i åra framover i tråd med godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene
Etablera oversikt over sårbare abonnentar med einsidig vassforsyning	D	Kartlegginga er starta og vil verta følgt opp utover i 2018 i tråd med godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene
Vurdera innføring av henteordning for hageavfall og farleg avfall	I	Ikkje budsjettert i 2017. Eiga politisk sak til Lokal utvikling 1. kvartal 2018
Innføra renovasjonsapp for	D	Ulike løysingar er til vurdering

Tiltak	Merknadar	
tømmevarsling, tømmekalender og abonnementsoversikt		
Helse-, sosial- og flyktningteneste		
Redusera ventetida til ergoterapitenesta til tre månadar	U	
Ta i bruk auka ressursar til kvardagsrehabilitering	U	
Greia ut andre måtar å organisera fastlegetenesta på	U	
Etablera gode rutinar for resultatrapportering frå ungdomsteam, jobbsjansen, kvalifiseringsprogrammet og introduksjonsordninga	U	
Presentera oversikt over arbeidsledige i ulike arbeidsmarknadstiltak kvart tertial	U	
Busetta flykningar i samsvar med politiske vedtak for perioden 2016-2018	U	
Starta opp aktivitetstilbod for sosialhjelpsmottakarar i kommunal regi	U	
Fritid og kultur		
Revidera kulturplan og inkludera ein strategi for samhandling med frivillig sektor	D	Prosjektmandat er godkjent. Arbeidet starta opp i mai/juni
Utvikla eit breitt aktivitetstilbod i Møllekjellaren i nært samarbeid med ungdommane	U	
Etablera kino i Torgsenteret i Bryne sentrum og drifta Storstova som eige kulturhus	D	Arbeidet med å etablera ny kino i Bryne Torgsenter er i gang, og opninga er sett til hausten 2018 Ein mulegheitsstudie for bruken av Storstova som reint kulturhus starta opp i mai
Auka marknadsføring av ny kino og anna kulturverksemd i kommunen	D	Ved etablering av ny kino og Storstova som reint kulturhus, vil det verta laga ein marknadsføringsplan tilpassa verksemdene
Utvikla biblioteket til opplæringsarena for digital kompetanseheving for innbyggjarane	U	
Fortsetja arbeidet med å digitalisera fotosamlinga på biblioteket	D	Arbeidet pågår og vil verta avslutta i 2018
Eigedomsforvaltning		
Optimalisera varmeanlegga i kommunale bygg	U	
Gjennomføra nødvendige brannsikringstiltak etter tilsyn i kommunale bygg	U	
Ta i bruk program for forvaltning, drift og vedlikehald i byggdrift, reinhald og det brannførebyggjande arbeidet	D	Er starta på
Samkjøra fysisk vernerunde med årleg		

Tiltak	Merknadar	
tilstandsvurdering av kommunale bygg og uteområde i fem bygg	U	
Gjennomføra dei byggjeprosjekta som er sette i gang eller vert sette i gang i 2017 i tråd med investeringsdelen	U	

5.4.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Samfunn

Dei allmenne tryggleikstenestene legehjelp, formidling av hjelpemiddel, økonomisk sosialhjelp, vatn, avløp, renovasjon og brannvern fungerer godt, og har i år halde seg innanfor dei avsette økonomiske rammene.

I samarbeid med Klepp og NAV Rogaland er det i heile 2017 arbeidd med utgreiing av eit mogleg felles NAV-kontor for Klepp og Time. Endeleg politisk avklaring vil her føreliggja i løpet av 1. tertial 2018.

Arealdelen av Kommuneplanen er under revisjon for perioden 2018–2030. Det er her gjort eit omfattande arbeid i 2017 som tilseier at planarbeidet vil verta sluttført i denne valperioden.

Arbeid med konkrete tiltak for å løysa dei omfattande overvassutfordringane som er kartlagde i Bryne har pågått kontinuerleg frå 2016. Arbeidet vil halda fram i fleire år framover.

Ventetida for ergoterapitenesta er betydeleg redusert i 2017. Økonomisk sosialhjelp er redusert frå 2016 og det er sett i gang mange aktivitetstiltak for yngre sosialhjelpsmottakarar i år.

Kommunen har fortsatt eit høgt aktivitetsnivå innan byggje- og anleggsarbeid. Det gjeld både planlegging og oppføring av nye bygg og anlegg. Eigedomsforvaltning har hatt betydelege mindreutgifter i år, noko som tyder på at det er gjort gode og nødvendige grep sett i forhold til dei siste åra.

Foren burettslag på Kvernaland er ferdigstilt i år. Dette byggjeprosjektet med sjølveigar omsorgsbustadar er utvikla i tett samarbeid med brukarane og foreldra.

Det er sett i gang omfattande arbeid med å få på plass ny kino neste år. I tillegg er arbeidet med revisjon av Kulturplanen starta der og ein strategi for samhandling med frivillig sektor inngår. Arbeidet med å sjå på moglegheiter for Storstova framover er og starta opp. Det er fortsatt forholdsvis høge besøkstal i dei ulike kulturhusa. Særleg positivt er det at den nye Møllekjellaren har samla mange ungdommar frå heile Jæren.

Samla sjukefråvær i tenesteområdet var 7,1 % i 2017, som i 2016. Kommunal målsetting for sjukefråværet i samfunn er på 4,7 %.

Folkehelse og beredskap

Kommunen har starta opp arbeidet med revisjon av Folkehelseprofilen. Den skal reviderast kvart 4. år og skal peika på utfordringar knytt til folkehelse og samfunnsutvikling. Desse skal drøftast i arbeid med ny planstrategi for neste kommunestyreperiode. Kommunen er med i eit KS-nettverk for å få fagleg bistand til dette arbeidet.

Kommunen har gjennomført beredskapsøving. Det vart gjeve opplæring i krisehandtering i forkant av øvinga, og vart lagt til rette for at fleire fekk ta del i sjølve øvinga gjennom «live-overføring». Det var kriseleiinga og administrasjonen ved skulane som deltok i opplæring og øving.

Rogaland brann og redning IKS har ansvaret for brannvernet. I år ny hovudbrannstasjon i Sandnes tatt i bruk, og Bryne brannstasjon vart etablert med dagkasernering. I tillegg til å sløkka brannar, arbeider tilsette førebyggjande, mellom anna ut mot barnehagar og skular, og for å verta kjent med landbruksnæringa. Det er utført tilsyn på storulykkebedrifter.

Kommunen har eit prosjekt i samarbeid med Rogaland brann og redning IKS for å førebyggja brann hos risikoutsette grupper. Det vert arbeid systematisk med å førebyggja brann og å redusera konsekvens av eventuell brann.

Utgiftene til Rogaland brann og redning følgjer budsjettert beløp i 2017.

Plan og forvaltning

Planaktiviteten i 2017 har vore betydeleg lågare (4 godkjente reguleringsplanar) enn i 2016 då aktiviteten var høg (11 godkjente planar). Ingen områdeplanar er godkjente i 2017.

Byggjeaktiviteten har stort sett vore som året før, med 403 byggje- og delesaker mot 396 i 2016. Saksbehandlingstida for byggje- og delesaker har gjennomgåande vore litt kortare enn i 2016 og ligg innanfor gjevne tidsfristar om kalenderdagar for dei ulike sakene. Innan oppmålingstenesta er det oppretta 75 nye seksjonar mot 74 i 2016, og 108 nye matrikkeleiningar mot 39 i 2016. Saksbehandlingstida her har vore 33 kalenderdagar mot 86 i 2016.

Arbeidet med å revidera arealdelen av kommuneplanen har gått heile året.

Eininga hadde betydeleg mindre gebyrinntekter frå planarbeid enn budsjettert, men samla viser rekneskapen mindreutgifter på om lag 500 000 kroner.

Sjukefråværet var i 2017 på 7,7 % mot 4,2 % i 2016. Målsettinga er 3,8 %.

Landbruk, miljø- og kulturvern

Det har i år vore ekstremt store nedbørsmengder, og landbrukskontoret fekk ein god del ekstra arbeid med erstatningssaker i forbindelse med avlingstap.

Datasystemet og søknadsfristar for produksjonstilskot vart endra dette året, og det vart ein tredje søknadsomgang. Søknadsmassen har likevel vore rimeleg stabil.

Tiltaksplan for Håvassdraget er vedtatt av kommunen.

Naturleg avgang i fleire stillingar mot slutten av året tilseier noko redusert bemanning første halvår 2018. Eininga hadde mindreutgifter på 171 000 kroner etter at det er framført 121 000 kroner av samla mindreutgifter til 2018.

Sjukefråværet var i 2017 på 2,8 % mot 2,0 % i 2016. Målsettinga er 3,0 %.

Samferdsel, vatn, avløp og renovasjon

Sjukefråværet på desse tenestane var i 2017 på 8,1 % mot 6,7 % i 2016. Målsettinga er 3,8 %.

Vegar

Standarden og vedlikehaldet på kommunale vegar må ha merksemd i åra framover. Det er gjennomført systematisk rehabilitering av fleire bygdevegar i 2017. I tillegg er Vardheivegen reasfaltert.

Det vart innført ny parkeringsordning frå 01.01.2017. Det skal gjennomførast evaluering av ordninga i 2018. Netto overskot frå ordninga er auka frå 478 000 kroner i 2016 til 995 000 kroner i 2017.

Kommunen har rammeavtale med Lyse as når det gjeld gatelys. Det omfattar både investering, drift og vedlikehald. Det har vore eit omfattande skifte av gatelysarmatur frå «kvikksølv» til LED i 2017.

Kommunalteknikk har i 2017 gjennomført systematisk tømming av vegslukar, terrengslukar, bekkeinntak og fordrøyingsanlegg, for å unngå overvass-skadar på tredjepart sin eigedom.

Tenesta som omfattar vegar, gatelys og parkering hadde meirutgifter på 354 000 kroner i 2017. Auka utgifter til straum og drift av parkeringsautomatar er hovudgrunnane til meirforbruket.

Grøntanlegg

Tenesta omfattar park, utandørs idrettsanlegg, leikeplassar og kyrkjegardsdrift. Talet på leikeplassar og friområde aukar framleis og det er krevjande å møta stadig høgare krav frå publikum, både i forhold til standard og skjøtsel. Arbeidet med sanering og rehabilitering av leikeplassar på Lye har starta, og kommunen har sett i gang arbeidet med ein tilsvarande plan for Bryne.

Arbeida med Kaizersplassen, Shared space i Reevegen og rehabilitering av parken i Mølledammen tok til mot slutten av 2016 og vert ferdigstilt i 2018. Arbeidet med ny gravplass ved Time kyrkje har pågått i heile 2017 og vert avslutta i 2018.

Aktivitetsplikt for ungdom mellom 18 og 30 år

Hausten 2017 vart det etablert eit prøveprosjekt i samarbeid mellom Time kommune og NAV. Ungdommane får oppdrag frå kommunalteknikk og eigedomsforvaltning og har ein fast arbeidsleiar. Dei er lokaliserte i eigne lokale i Time vidaregåande skule. I 2017 har 4-5 ungdommar deltatt i arbeidsgruppa. Målet er å auka talet til 6-8 ungdommar i 2018. Ungdommane viser både personleg utvikling og auka vilje til å skaffa seg fast arbeid.

Tenesta hadde mindreutgifter på 164 000 kroner i 2017.

Vatn, avløp og renovasjon

Det er over fleire år gjennomført ei omfattande hydraulisk undersøking av overvass-systemet på Bryne. Undersøkinga har vore grunnlaget for kartlegginga av moglege tiltak som skal løysa overvassutfordringane. Tiltak vart sett i gang i 2016 og vil fortsetja fleire år framover.

Ved årsskiftet har om lag 77 % av vassabonnentane installert vassmålar og om lag 50 % har installert tilbakeslagssikring. Alle installasjonar er venta ferdige innan utgangen av 2018. Vassforbruket i 2017 var på 2,12 millionar kubikk og er gått ned med 1,6 % i forhold til 2016. Samtidig er mengda reinsa avløpsvatn på 3,08 millionar kubikk gått opp med 30,7 % frå 2016. Dette skuldast større regnmengde som går i spillvatnet.

Den offisiell avfallsstatistikken for 2017, som inkluderer både innsamla hushaldsavfall og avlevert avfall på gjenvinningsstasjonane, viser at Time har ein sorteringsgrad på 72,7 %. Totalt sett leverte kvar timebu 348 kg avfall i 2017. Dette er 15 kg mindre enn i 2016. Nedgangen skuldast i all hovudsak redusert restavfallsmengd, då både innsamla mengd biologisk avfall, papir og papp, plastemballasje og glas- og metallemballasje har auka. Det er samla inn 72 tonn grovavfall i henteordninga.

Helse og rehabilitering

Me har interkommunalt samarbeid med Klepp om ettermiddag- og kveldslegevakt og med Sandnes om nattlegevakt. Samarbeidet fungerer godt.

Framtidig dimensjon på lege-, fysio- og ergoterapitenestene har i stor grad samanheng med folketilveksten. Det er gjort ei utgreiing om organisering av fastlegetenesta og framtidig behov for fastlegar. Behovet for å oppretta ny fastlegeheimel vil vera tidlegast i 2020 og nytt legesenter tidlegast i 2025, jf. KS-072/17 «*Fastlegeordninga i Time: Status per 2017 og behov framover*».

Frå 01.01.2017 vedtok regjeringa å innføra automatisk frikort 2 for alle personar over 16 år, unntatt yrkesskadde. Samtidig vart sjukdomslista fjerna og alle som er under frikortgrensa må betala eigendel for fysioterapi. Me ser at venteliste og ventetid hos både den kommunale og private fysioterapitenesta er gått ned. Pasientar som tidlegare har fått full dekning av behandling, må nå betala eigendel inntil frikortgrensa som er 2000 kroner.

Ergoterapitenesta har redusert ventetida til 3 månadar, medan saker som gjeld syn- og hørselsområdet har hatt ventetid opp mot 6-7 månadar hausten 2017. Det skuldast vakanse i

stilling og ein kombinasjon med vanskar å rekruttera medarbeidarar med rett kompetanse, og at NAV Hjelpemiddelsentral sjeldan har pålagte kurs. Me ser vidare på dette i 2018 i samarbeid med NAV Hjelpemiddelsentral for å finna best moglege løysingar.

I 2017 vart 109 personar tilviste Frisklivsentralen. Alle får tilbod om helsesamtale. Me har hatt fire faste treningsgrupper i veka. I tillegg har det vore tilbod om å trena i grupper i basseng. Innan kosthald er det halde seks «Bra Mat-kurs» saman med Gjesdal, Hå og Klepp, og kurs for tilsette i miljøtenesta i Time. Det er halde to søvnkurs og eit røyke- og snussluttkurs.



Netto driftsutgifter til helsetenester per innbyggjar har auka med 199 kroner frå 2016. Auken er 56 kroner høgare enn frå 2015 til 2016, og ligg nå litt over snittet i Rogaland, men fortsatt under snittet i KOSTRA gruppe 8.

Eininga gjekk i økonomisk balanse i høve budsjett i år.

Sjukefråværet var i 2017 på 4,7 % mot 5,2 % i 2016. Målsettinga er 3,8 %.

NAV Time – sosialtenester

Tenesteeininga har samla sett meirutgifter på 288 000 kroner i år. Utgiftene til økonomisk sosialhjelp var på 21,1 millionar kroner som er 1,2 millionar kroner mindre enn i 2016. Det var 442 brukarar, inkludert 37 i kvalifiseringsprogrammet. I 2016 var det 482 brukarar inkludert 27 i kvalifiseringsprogrammet.





Netto driftsutgifter til sosialtenester per innbyggjar mellom 20-66 år er redusert med 301 kroner i 2017. Driftsutgiftene er då under snittet i Rogaland og i KOSTRA gruppe 8. Prosentdelen innbyggjarar mellom 20-66 år som får sosialhjelp er redusert frå 4,1 til 3,9 i 2017. Klepp, Sandnes og snittet for landet viser alle auke i 2017.

Frå staten er det sett eit måltal på kor mange brukarar det skal vera i kvalifiseringsprogrammet til ein kvar tid. I 2016 vart dette målet ikkje nådd. I 2017 vart målet nådd, og dermed var det fleire som hadde rett til kvalifiseringsstønad. Utgiftene i 2017 var på 5,1 millionar kroner. I 2016 var utgiftene 4,2 millionar kroner.

Resultata i Kvalifiseringsprogrammet er gode. Av dei 16 brukarane som gjennomførte og avslutta programmet i 2017, var det berre ein som gjekk tilbake til økonomisk sosialhjelp.

Arbeidsløysa var høg i 2017. Det ramma særleg dei unge. NAV Time sitt ungdomsteam oppretta hausten 2017 eit 8-vekers arbeidsretta tiltak for dei som hadde økonomisk sosialhjelp som hovudinntektskjelde. Av dei 43 som har vore med til nå, har 31 unge gjennomført tiltaket. Nokre har fått arbeid, utdanning eller anna aktivitet. Ingen har gått tilbake til full økonomisk sosialhjelp.

I forbindelse med innføring av aktivitetsplikt for unge under 30 år har kommunen oppretta 69 arbeidstreningsplassar i ulike einingar. Det er med på å gje brukarane arbeidspraksis, struktur på dagen, tilknyting til arbeidslivet og ein referanse når dei skal søkja på ordinært arbeid. I gjennomsnitt er 11 av desse plassane brukte.

Hausten 2017 vart det og oppretta eit aktivitetstilbod for ei mindre gruppe brukarar. Dei har ein arbeidsleiar, og utfører forskjellig arbeid for kommunen. Meininga er at dei skal få hjelp til å koma ut i ordinært arbeid. Av dei som har vore deltakarar i tiltaket i 2017, har alle fått tiltak og tiltakspengar via NAV. Ingen har lenger full økonomisk sosialhjelp.

Det har lenge vore arbeidd med å leggja til rette for at flyktningar kjem ut i arbeid. NAV Time har sett av ei ekstra stilling til dette arbeidet, og har tett samarbeid med Flyktningtenesta. Resultata her kjem mellom anna fram i nøkkeltala i kapittel 10.3.8 «Fleirkulturelle tenester».

Sjukefråværet var i 2017 på 11,6 % mot 14,4 % i 2016. Målsettinga er 7,5 %.

Kultur

Kulturtenestene (Fritid, Kultur og Bibliotek) hadde samla mindreutgifter på 168 000 kroner i 2017.

Sjukefråværet var i 2017 på 4,6 % mot 6,5 % i 2016. Målsettinga er 3,8 %.

Fritid

Ungdomshuset Møllekjellaren hadde eit besøkstal på heile 14 658 barn og unge i 2017. Det vart starta opp eit «juniortilbod» i fjor vinter. Dette begynte som eit innovasjonsprosjekt for elevar på 5.–8. trinn, men har vorte eit permanent tilbod, ein kveld i veka. Tilbodet samlar om lag 100 ungdommar kvar gong.

Hausten 2017 vart Lyefjell fritidsklubb og Mekkeverkstaden på Lye slått saman til eit tilbod. Dei tilsette arbeider nå på tvers av begge tilboda, og er godt i gang med ei fornying med utgangspunkt i tilbakemeldingar frå ungdommane.

I samarbeid med datafirmaet Alder AS i Stavanger har Fritid starta opp innovasjonsprosjektet «Smart organisering av frivillig innsats». Målet er å leggja til rette ein ny digital plattform som gjer det enklare for frivillige å handtera for eksempel innkallingar til dugnad, møte, trening og liknande.

Bibliotek

Biblioteket hadde 93 917 besøkjande i 2017, ein nedgang på 13 % frå året før (talet på besøkjande inkluderer Garborgsenteret og kafeen). Dermed er besøket omtrent tilbake på 2015-nivå, etter ein auke i 2016 på heile 20 %.

Samla utlån var 96 852, ein nedgang på 0,4 % frå året før. Sjølv om totalen gjekk litt ned, auka utlånet av vaksen skjønnlitteratur og faglitteratur for barn. Det skuldast i hovudsak at

desse bøkene fekk meir plass og vart gjort meir synlege i biblioteklokalet. Nasjonalt viser folkebiblioteka auke i besøk og nedgang i utlån.

Biblioteket har hatt stor aktivitet med heile 352 arrangement, ein auke på 10 % frå året før. Til saman kom det 8499 deltakarar, av desse 3658 barn. Slik lever biblioteket opp til føremålsparagrafen i biblioteklova om *«å fremja opplysning, utdanning og anna kulturell verksemd»* og *«å vera møteplass og arena for offentleg samtale og debatt»*.

Biblioteket er også arena for digital opplæring for dei som treng hjelp til å verta digitale medborgarar. Biblioteket er ein naturleg arena for flyktningar og innvandrarar som søkjer kunnskap og som ein sosial møteplass. Biblioteket har fast samarbeid med barnehagar og grunnskulane i kommunen om lesestimulerande tiltak. Me er nå i sluttfasen av digitalisering av fotosamlinga.

Garborgdagar 2017 vart arrangert i januar. På programmet stod foredrag, debattar, Slam – konkurranse i framføring av sjølvskrivne tekstar, konsert, forfattarbesøk til skuleklassar og barneførestillingar. Dei fleste arrangementa var godt besøkte.

Kulturhus

Det regionale kulturhuset Storstova og Bryne Mølle hadde i 2017 eit samla besøk på om lag 69 400 inkludert kino. Dette er litt færre enn året før. Nedgangen skuldast i hovudsak at kinobesøket, som enda på 54 600, var litt lågare enn i rekordåret 2016. Det har vore ein liten auke i besøket på kulturhusdelen.

Livsgledefestivalen vart arrangert i mars. Fleire lokale aktørar var med på arrangørsida dette året, og festivalen får for kvart år fleire arrangement og større besøk.

Flyktningtenesta

I 2017 busette me 42 personar. Av desse var 23 barn og sju kvoteflyktningar via FN. Det er så langt busett 87 personar av ein kvote på 120 i perioden 2016 til 2018. I tillegg kom tre personar på familiesameining i 2017.

I haust gav Integrerings- og mangfaldsdirektoratet (IMDI) melding om at me vil få tildelt 10 flyktningar i 2018. Reduksjonen kjem som følgje av færre asylsøkjarar til landet. Det inneber at me ikkje når målet om å busetja 120 flyktningar i treårsperioden.

I løpet av året har totalt 83 flyktningar deltatt i introduksjonsordninga. Det kom 26 nye deltakarar i 2017. Fem av desse starta med permisjon grunna sjukdom, graviditet eller barn under barnehagealder. I alt 20 personar fullførte og avslutta programmet, og meir informasjon finn ein i nøkkeltala i kap. 10.3.8 «Fleirkulturelle tenester».

Eit redusert behov for mottaksplassar på nasjonalt nivå, førte til at Stiftinga SANA sitt desentraliserte asylmottak vart lagt ned i juli 2017, etter godt eitt års drift. Helsetilbodet for asylsøkjarar som vart etablert i samband med asylmottaket, stengde i juni 2017.

Plan for mangfald og inkludering 2018-2025 vart godkjent i KS-071/17.

I 2017 starta flyktningtenesta opp eit samarbeid med Bryne Røde Kors om drifta av kvinnegruppa Femira. Dette har fungert godt. Det er nå fleire norsktalande kvinner med på samlingane enn det har vore tidlegare. Femira har i snitt 26 besøkjande på kvart møte.

Eininga hadde meirutgifter på 129 000 kroner i 2017.

Sjukefråveret var i 2017 på 0,4 %. Målsettinga er 3,8 %.

Eigedomsforvaltning

Tenesteeininga har mindreutgifter på vel 1 million kroner etter at det er er framført 1 million kroner av samla mindreutgifter til 2018. I tillegg har tenesteeininga rekneskapsført meirutgifter frå 2016 på 1,2 millionar kroner. Årsaka til dette er i hovudsak mindre bruk av vikarar og ekstrahjelp til reinhald i kommunale bygg, og mindre vikarbruk ved langtidsjukdom i administrasjonen.



Kostnader til administrasjonslokale har auka med 18,9 kroner per innbyggjar frå 2016, og me ligg fortsatt godt under snittet i Rogaland og KOSTRA-gruppe 8.



Samla driftskostnader for barnehagelokale per barn i kommunale barnehagar har auka med 900 kroner frå 2016. Det er fortsatt noko over Klepp, men betydeleg under snittet for Rogaland og KOSTRA-gruppe 8.



Driftskostnadene inkludert avskrivingskostnadene for skulelokale per elev er 200 kroner lågare enn i 2016. Klepp, Rogaland og KOSTRA gruppe 8 har her auka kostnader på om lag 800-900 kr frå 2016.



Samla driftskostnader for institusjonslokale per brukar har auka med 7 300 kroner frå 2016. Klepp, Rogaland og KOSTRA gruppe 8 ligg på same nivået som dei gjorde i 2016.

Drifta følgde stort sett gjeldande føringar og arbeidsmål som var sette for 2017, jf. omtalen av dei ulike investeringsprosjekta i investeringsdelen.

Sjukefråværet var i 2017 på 7,1 % mot 8,1 % i 2016. Målsettinga er 5,9 %.

5.4.4 Utfordringar framover

Situasjonen på arbeidsmarknaden har endra seg i positiv lei mot slutten av 2017, noko som mest truleg vil medføra færre utfordringar for NAV Time i 2018.

Utviklinga i byggje- og anleggsverksemda framover vil ha betydning for dimensjoneringa av plan- og byggjesaksforvaltninga. I omstillingsprosjektet er desse forvaltningstenestene redusert med to årsverk frå siste halvdel i 2017. Arbeidet med revidert arealdel av kommuneplanen vil halda fram i heile 2018. I tillegg gjev godkjend planstrategi 2015–2019 nye planutfordringar framover med mellom anna fleire større områdeplanar på Bryne.

I Omstillingsprosjektet 2017 er mellom anna stillinga som miljøvernrådgjevar sett vakant fram til 2020. Me må i løpet av 2018 vurdera nærare konsekvensane av denne vakansen og om denne forvaltningsfunksjonen bør på plass att før 2020. Gjerne då òg sett opp mot stillingsressursen for skogbruksforvaltar.

Pågåande oppgradering av Bryne sentrum vil bli ferdigstilt første halvår 2018. Vidare så er det i 2017 starta regulering av Storgata til gågate og sett i gang arbeid med ein gatebruksplan for Bryne. Opparbeidinga av Storgata som gågate er planlagt i 2019/2020.

Arbeidet med gjennomføring av prioriterte overvasstiltak i Bryne og nødvendige saneringstiltak for vass- og avløpsnettet fleire stader i kommunen skal vidareførast i tråd med godkjent tiltaksplan for vass-, avløps- og renovasjonstenestene.

Det er varsla betydeleg reduksjon i mottak av flyktningar frå 2018 av. Dette fordrar vurdering av dimensjoneringa i flyktningtenesta i åra framover. Interkommunalt samarbeid med til dømes Klepp som får same reduksjonen, kan vere aktuelt då me òg har felles undervisning for brukarane her i Bryne kompetansesenter.

Aktivitetsplikt for mottakarar av økonomisk sosialhjelp er innført i 2017. I åra framover må arbeidet med å få flyktningar ut i språkpraksis, arbeidstrening og arbeid få auka merksemd.

Mogleg felles NAV kontor med Klepp blir politisk avklart 1. halvår 2018. Dersom det blir eit felles kontor skal det realiserast frå og med 2019 med dei utfordringane det medfører.

Innan kulturverksemda skal ny kino på Bryne vere på plass i 2018, framtidig bruk av Storstova skal avklarast, Kulturplanen skal reviderast, plan/strategi for samhandling med frivillig sektor skal på plass og vurdering av framtidig drift, organisering og prioritering av museumsanlegga skal gjennomførast.

Time kommune har nå formelt overtatt Time vidaregåande skule. Framtidig bruk av bygg og området i sin heilskap må planleggjast både på kort og lengre sikt i løpet av 2018.

Ny felles ungdomsskule og idrettshall med Klepp skal stå klar i Vardheia til hausten 2020.

5.5 Administrasjon

5.5.1 Økonomi

Administrasjon	Rekneskap 2017	Budsjett m/endringer 2017	Budsjett u/endringer 2017	Rekneskap 2016	Avvik (B-R) 2017
Politiske organ	7 134	7 544	7 368	7 189	410
Stabstenester	43 793	44 060	44 237	41 632	267
Jæren kemnerkontor	1 854	2 078	2 068	1 699	224
Kyrkja	8 739	8 618	8 618	8 543	-121
Diverse fellesutgifter	2 892	3 301	3 478	2 836	409
Næring	2 500	2 401	2 406	2 468	-99
Sum administrasjon	**66 912**	**68 002**	**68 175**	**64 367**	**1 090**

Området går ut med eit mindreforbruk på 1,1 millionar kroner. Mindreforbruket skuldast vakante stillingar, refusjon sjukepengar og auka gebyrinntekter.

5.5.2 Rapportering i forhold til tiltak 2017

Tiltak	Merknadar	
Politiske organ		
Innføra ny politikarportal for å effektivisera administrasjon og gjera saksdokument meir tilgjengelege for dei folkevalde	U	
Kommunikasjon		
Utarbeida ny grafisk profil	U	
Gjennomføra innbyggjartesting av kommunale skriv og gå gjennom dokumentmalar for å sikra klart språk i ei avdeling i kvart tenesteområde	D	Brukartesting er utført for dokument innan byggjesak og omsorgstenestene. Det vert arbeidd vidare med dokumentmalar etter innspela i testane.
Revidera kommunikasjonsstrategien i samarbeid med tenesteleiarar og politikarar	U	
Administrasjon		
Implementera nytt regelverk for offentlege innkjøp	U	
Utarbeida strategi for digitalisering og teknologisk infrastruktur, som erstattar IKT-strategien	U	
Laga handlingsplanar for digitalisering i	U	

Tiltak	Merknadar	
kvart tenesteområde		
Implementera rutinar og verktøy for plan- og prosjektarbeid i organisasjonen	U	
Tilegna oss kompetanse på innovative innkjøp	U	
Næring		
Invitera bedrifter på Håland/Svertingstad til samarbeid om høgare utnyttelse av nåverande næringsareal	D	Det er gjennomført forberedende møter med Håland næringsforening. Blir videre naturlig arbeid gjennom revidering av arealdelen i kommuneplanen
Arrangera 2-4 næringstreff med aktuelle tema	U	
Oppdatera Attraktivitetsanalysen til Bykonferansen 2017	U	
Vurdera etablering av turistkontor i sentrum	D	Arbeidet har starta opp og vil fortsette inn i 2018 saman med Klepp og Hå.
Støtta opp om Jærmalarane som reiselivsprosjekt	U	
Vurdera el-by-sykkelordning i Bryne i samarbeid med næringslivet	D	Arbeidet er starta. Inngår nå i Mobilitetsarbeidet for Bryne sentrum.
Analysera og setja i verk forenklings- og forbetringstiltak av saksbehandlingsprosessar	D	Inngår primært i «Robust omsorg»-arbeidet.

5.5.3 Vurdering og oppsummering av driftsåret for Administrasjon



Netto driftsutgifter til administrasjon har auka med 324 kroner frå 2016 til 2017. Time ligg fortsatt under naboar og snittet i Rogaland og KOSTRA-gruppe 8.

Sjukefråveret var i 2017 på 3,2 % mot 4,2 % i 2016. Sjukefråveret er under målsettinga på 3,8 %.

Politiske organ

Den nye reiskapen for elektronisk distribusjon har effektivisert saksflyten når det gjeld dokument til politiske møte.

Stortingsvalet vart gjennomført med ein valdag og ei samla valdeltaking på 81,58 %.

Hausten 2017 hadde kommunen besøk frå vennskapskommunen Alnwick. Politikarar og administrasjon i Time deltok i besøket. Gjestene deltok på arrangement under potetfestivalen og hadde møte med Bryne Næringsforening i tillegg til å besøka skular og institusjonar i kommunen.

Kommunikasjon

Det er gjennomført eitt kurs i klart språk og eitt kurs i saksutgreiing for tilsette i kommunen. I tillegg er det gjennomført brukartesting av tekstar for å få innspel til klarare språk i kommunale brev og dokument. Kommunen sin kommunikasjonsstrategi er revidert og oppdatert og vil verta implementert i organisasjonen i 2018.

Administrasjon

Det er brukt tid og ressursar for å få til den digitaliseringa som må til for å redusera med fire årsverk. Tiltaka er gradvis iverksett frå sommaren 2017 og fram til sommaren 2018.

Jæren kemnerkontor

Jæren kemnerkontor hadde eit godt driftsår og meir enn oppfylte resultatkrava som er sette av Skattedirektoratet når det gjeld innkrevjing av skatt og arbeidsgjevarkontrollar. I tillegg viser rekneskapen eit mindreforbruk på 0,2 millionar kroner. Mindreforbruket skuldast auka inntekter frå gebyr og sjukepengar. Innsparingane er fordelt på dei fire samarbeidskommunane.

Næring

Lokale bedrifter viser svak positiv utvikling i løpet av året, der særleg leverandører til olje- og gassektoren ser ut til å stabilisere seg, og arbeidsledigheten er redusert. Det er meir fokus på nye marknadar i utlandet. Bedriftene sin økonomi har mykje å seia for deira evne og vilje til å setja i gang nye tiltak, og bruka tid på aktivitetar utover eige behov.

Det er høgt aktivitetsnivå på arbeid med byutvikling i Bryne, der mellom anna arbeidet med å etablera ny gågate som eit samskapingsprosjekt, har fått ein god start. Arbeidet med fjellhall går nå frå utviklingsfase til mogleg utbyggingsfase.

Kommunen deltok på fleire store utgreiingsoppgåver på regionalt nivå, mellom anna gjennom deltaking i 4 (av 11) temagrupper for å laga den nye regionale strategiske næringsplanen, og ny bioøkonomistrategi i Rogaland, og for reiselivsbransjen.

5.5.4 Utfordringar framover

Største utfordinga i 2018 vert iverksetting av omstillingsprosjektet med stor grad av digitalisering av arbeidsoppgåver og å gjennomføra nedbemanning i samsvar med vedtak.

Det vert lagt stadig større vekt på å leggja til rette for involvering og samskaping i større planar og prosjekt, noko som gjev gode innspel og betre forankring, men som også krev kompetanse og kapasitet i gjennomføringa.

Det er eit mål i kommunikasjonsstrategien at kommunen er til stades i dei mediekanalane innbyggjarane føretrekk. Dette krev at kommunen kjenner målgruppene og deira preferansar og det utfordrar kompetansen og kapasiteten i forhold til publisering og tilrettelegging for ulike kanalar.

For at digitalisering skal vera ein reiskap for effektivisering, gevinstrealisering og kvalitet i tenestene, krevst det saumlaus flyt av data og strategisk satsing på kompetanse og kapasitet. Derfor vil det vera viktig å delta i interkommunale digitaliseringssamarbeid regionalt og nasjonalt for å dra nytte av erfaringsdeling og utvikling av komponentar til felles bruk.

Regional Analyse Time 2017 (utarbeida av Telemarksforsking) gjev faktainnspel til vår attraktivitet i forhold til andre kommunar i Norge. Han viser kor attraktive Time er over tid, og vil verta brukt i vidare diskusjonar saman med eksterne partar som eit grunnlag for kva som nå vert smart å fokusera på. Eit fokusområde vert vår evne til nyskaping og vilje til endring i samarbeid med mellom anna næringslivet.

Arbeidsmarknaden er i endring, og framover vert det raskare stilt nye krav til tilsette i alle sektorar. Forståing for og samhandling med næringslivet, kan verta avgjerande for å verta interessant og attraktiv. Det gjeld både for nye bedrifter og nye arbeidstakarar til offentleg og privat sektor.

6 Kommunen som arbeidsgjevar

6.1 Rapportering om tiltak 2017

Tiltak	Merknadar	
Utarbeida plan for mangfald og likebehandling	D	Vert lagt fram våren 2018
Arrangera fellesarrangement for alle tilsette i kommunen	U	
Laga ein samla kompetanseplan for tenesteområda og stabane	D	Under arbeid
Ta inn lærlingar i nye fag og fylla kvoten på 23 lærlingar	U	Ramma for lærlingar er frå hausten 2017 utvida til 28 læringar
Einingar med sjukefråvær over 8 % skal setja i gang tiltak	U	
Organisasjonsavdelinga skal delta i rekruttering av leiarar	U	
Opplæring i kommunikasjon og fleirkulturell forståing	I	Opplæringa har ikkje skjedd i 2017
Utarbeida nye arbeidstidsordningar i Omsorg for å auka kvaliteten i tenesteleveringa og for å skapa ein kultur for heiltidsarbeid	D	Prosjektet «Heiltidskultur og arbeidstidsordningar» er ferdig med første fase, no testar me ut ulike arbeidstidsordningar i praksis
Implementera ny seniorpolitikk	U	

6.2 Vurdering og oppsummering av driftsåret

Time kommune starta opp eit omstillingsprosjekt for å få drifta for 2018 i balanse der alle kommunalområda vart involverte. Det har vore mange ulike prosjekt og brei deltaking gjennom heile prosessen med leiarar, tillitsvalde og vernetenesta. Time kommune har måtta gå til nedbemanning på nokre område for å nå målet om balanse i rekneskapen.

Kommunalområde Omsorg har jobba godt med tiltak som gjeld sjukefråværet. Prosjekt «Sterkare tilbake» har medverka til at fråværet i Omsorg er redusert.

Den 9. mars 2017 inviterte kommunen til fellesarrangement for alle tilsette i Time kommune. Det er tredje gong rådmannen inviterer tilsette til samkome i samband med Livsgledefestivalen. I år var det Kristine Koht som underheldt. Tilbakemeldingane viser at arrangementet var svært vellukka.

Tilsette i kommunen

	2014	2015	2016	2017
Oppvekst	543	551	567	558
Omsorg	346	349	348	359
Samfunn	178	185	186	187
Stabar	61	63	65	65
Årsverk i alt	**1 129**	**1 148**	**1 166**	**1 169**





Rekruttering

Faste ansatte som har slutta	2014	2015	2016	2017
Årsverk	62,2	53,8	63,0	59,1
Ansatte	100	83	97	85
Av desse, pensjonerte	21	19	17	16
Prosendel som har slutta	5,5 %	4,7 %	5,4 %	5,1 %

I 2017 er økonomien i Norge vorte betre. Spesielt i andre halvår kunne me lesa at tidene var i ferd med å snu. Det er stor konkurranse mellom kommunane om sjukepleiarar, vernepleiarar og lærarar. Det vil verta konkurranse om barnehagelærarar med dei nye bemanningsnormene som vert innført.

Etter at delegeringsreglementet vart endra slik at verksemdsleiarar har tilsettingsmynde, er det gjennomført opplæring i rekruttering av denne gruppa. Organisasjonsavdelinga har deltatt i dei fleste tilsettingar av tenesteleiarar og verksemdsleiarar.

Kompetansebygging

Me har ein overordna kompetanseplan for kommunen. Målet med planen er å tilpassa kompetanseutviklinga for å sikra god kvalitet og utvikling i tenestane våre. Kompetanseplanen tydeleggjer behov og utfordringar kommunen har framover. Dei ulike tenesteområda utarbeider eigne kompetanseplanar. Planane følgjer årshjulet til økonomiplanen.

Lærlingar

Lærlingar i Time kommune	2016	2017
Inntak	12	16
Sum etter inntak	23	28
Per 31. 12	20[1]	28

[1]3 har heva kontrakt

Time samarbeider med kommunane Klepp, Hå og Gjesdal om felles utlysing. I 2017 fekk me inn 78 søkjarar til læreplass i kommunen. Me har totalt 28 læreplassar fordelt på eit toårig lærlingeløp. 16 nye lærlingar vart rekrutterte og dei starta opp i august 2017 med denne fordelinga på fag:

- 8 barne- og ungdomsarbeidarar
- 6 helsefagarbeidarar
- 1 IKT- lærling
- 1 lærling i kontorfag

Me har også eit interkommunalt samarbeid for praksiskandidatar med Klepp, Hå, Gjesdal og Sola. Kurset er eit tilbod for fast tilsette i skule og barnehage (kommunale og private) som ønskjer å ta fagutdanning. I 2017 har sju personar frå Time fullført opplegget.

Kvalitet og internkontroll

Kvalitetsutvalet har god oversikt over overordna internkontrollrapportering for einingane. Rapportane for 2017 visar at kommunen må arbeida meir med informasjonssikkerheit og personvern. Leiarane seier at det må gjevast meir opplæring til dei tilsette og at me kan verta betre på journalføring i saksbehandling. I tillegg viser rapporteringa at ein i delar av organisasjonen må arbeida meir systematisk med kvalitetsforbetring.

Sjukefråvær



Det samla sjukefråværet i 2017 var på 6,6 %. Det er ein reduksjon på 0,6 prosentpoeng samanlikna med 2016, men fortsatt over målsettinga i IA-avtalen, som er på 5,7 %.

Korttidsfråværet har gått ned med 0,1 prosentpoeng, medan langtidsfråværet har gått ned med 0,5 prosentpoeng. Den største reduksjonen i fråværet har skjedd i heimetenesta (-3,4 prosentpoeng), barnevernet (-5,1 prosentpoeng), miljøtenesta (-4,8 prosentpoeng) og rus/psykiatri (-3,4 prosentpoeng). Fråværet auka mest i plan og landbruk (2,7 prosentpoeng), barnehagane (0,8 prosentpoeng) og undervisning (0,5 prosentpoeng).

Kommunen starta eit toårig sjukefråværsprosjekt i Omsorg i mars 2017. Målet i prosjektet er å redusera fråværet i Omsorg til 7,5 % innan utgangen av 2018. Resultata har så langt vore gode, med 35 % reduksjon i fråværet. Hovudvekta av tiltaka har vore å auka kompetansen om førebygging og oppfølging av sjukefråværet hos leiarane, tillitsvalde og verneombod, i tillegg til at tilsette med svært stort sjukefråvær har fått tilbod om tverrfagleg oppfølging av NAV, bedriftshelsetenesta og arbeidsgjevar gjennom «Sterkare tilbake» møte.

Alle leiarane har tilbod om å delta på IA-kurs i regi av NAV. Bedriftshelsetenesta og organisasjonsavdelinga vert nytta til rådgjeving i enkeltsaker og i det strategiske arbeidet med å auka nærværet i alle tenesteområda. Kommunen har fått tett oppfølging frå NAV Arbeidslivssenter, og har status som «satsingsbedrift» gjennom sjukefråværsprosjektet i omsorg.

Kommunen følgjer opp tiltaka i IA-handlingsplanen, som skal reviderast når ny, nasjonal IA handlingsplan vert lagt fram.

HMS

Nytt hovudverneombod vart valt i desember 2017 og startar opp i vervet 01.08.2018.

Likebehandling, likestilling og mangfald

I 2017 har Time kommune starta arbeidet med å utarbeida handlingsplan for likestilling, inkludering og mangfald. Planen skal sikra at kommunen som arbeidsgjevar ivaretar desse omsyna. Hovudtillitsvald har vore viktige bidragsytarar i dette arbeidet, og handlingsplanen er per dato ute til høyring hjå fagforeiningane. Den vil verta lagt fram for arbeidsmiljøutvalet i 2. kvartal 2018 for godkjenning.

Kommunen har i 2017 skreve lærekontrakt med lærling med nedsett funksjonsevne, det er laga mangfaldserklæring som skal brukast i alle utlysningstekstar og seniorretningslinjene er revidert for å få fleire tilsette til å arbeida lengre og redusera sjukefråværet.

Prosjektet "Heltidskultur og arbeidstidsordninger" vil ha som effekt at fleire får store stillingar, som gjer at fleire kvinner får ei lønn å leva av og betre pensjonsutbetalingar.

Kommunen har arbeidstakarar frå ei rekke nasjonalitetar. Berre i institusjonstenesta er det mellom 15 og 20 nasjonalitetar.

I 2017 har kommunen starta prosjektet «Menn i Helse», der målet er å rekruttera fleire menn til ein sektor som har behov for fleire hender i framtida. Målgruppa er menn mellom 25-55 år med rett til eller som mottar yting frå NAV. Frå og med 2018 vil ein starta opp med fire plassar på Bryneheimen og Sivdamheimen i 12-vekers arbeidspraksis.

Leiing

	2015		2016		2017	
Leiarar per 31.12	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
Rådmannen si leiargruppe	50 %	50 %	50 %	50 %	50 %	50 %
Øvrige leiarar	77 %	23 %	75 %	25 %	75 %	25 %
Totalt antal leiarar	59	20	59	22	55	21
Prosent leiarar/årsverk			5,0 %	10,3 %	4,6 %	9,9 %

Me har ikkje starta opp nytt leiarprogram i 2017. Arbeidet med omstilling vart prioritert. Leiarprogram vil verta vurdert i 2018.

Time kommune har starta endringsprosjekt i Omsorg med mål om å etablera nye arbeidstidsordningar. Prosjektet har involvert mange tilsette og alle leiarane. Me organiserte prosjektet som eit innovasjonsprosjekt kor me tok utgangspunkt i brukaren sitt behov. Brukaren sitt behov for teneste skulle danna utgangspunktet for organisering av arbeidstida. Prosjektet er ikkje ferdigstilt. Det er komplisert å finna dei rette arbeidstidsordningane då det er mange element som speler inn i løysingane. Men Time kommune har kome langt og fleire einingar testar ut ulike løysingar i 2018.

Lønn

Årslønn (lønnstabell) 10 års ansiennitet				
	2014	2015	2016	2017
Ufaglært	339 900	340 400	347 700	354 200
Faglært	375 100	381 900	389 200	396 200
Høgskule/universitet	419 500	426 400	435 800	438 300

Time kommune har avtalt eit lønnssystem med fagforeiningane som er tilpassa det nye sentrale systemet. Det nye lønnssystemet byggjer på same prinsipp som dei fleste kommunane i området har valt.

Seniorpolitikk og pensjon

Time kommune reviderte seniorpolitikken i 2017. Tilrettelegging for seniorar skal bidra til at organisasjonen held på viktig kompetanse lenger, og at denne kompetansen vert overført til andre tilsette i organisasjonen før senioren går av med pensjon.

Den nye seniorpolitikken er enklare å administrera og har vorte presisert på fleire område. For eksempel er bonus fjerna og ordninga gjeld for tilsette i minst 50 % stilling, maks fridagar er sett til ti dagar, leiarar kan ikkje ta ut fridagar og ved sjukefråvær over 12 veker fell senioravtalen bort.

Seniorar per 31.12	Tilsette aktive		Senioravtale		AFP 1)		Uttak alderspensjon		Pensjonistvilkår	
	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017	2016	2017
62-64 år	66	73	45	31	18	17	8	5	3	3
65-66 år	16	33	7	13	20	19	0		2	4
67 år og over	3	14	1		0		13	21	31	32
Sum	85	120	53	44	38	37	21	26	36	39

1) Inkluderer heil/delvis AFP

Endra senioravtale har ikkje slått ut i auka uttak av AFP sjølv om talet på seniorarar er auka betydeleg i 2017.

Pensjon	2014	2015	2016	2017
Innmelde medlemmar	1 715	1 738	1 884	1 784
Personar med heil/delvis AFP	24	40	38	37
Personar med heil/delvis uførepensjon 1)	139	142	144	140
Gjennomsnittleg uføreandel per årsverk % 2,3)	6,0	6,2	6,9	6,2

1) Dette inkluderer både varig og midlertidig uførepensjon og eksklusive oppsette rettar
2) Prosent av innmelde medlemmar i KLP fellesordning 1364 personar og personar med heil/delvis
3) 2017: Rogaland 7,85%, Norge 9,12 %

Talet på innmelde medlemmar i pensjonskassane er redusert med 100 personar. Det er fleire årsaker til dette mellom anna: gjennomsnittleg stillingsprosent er auka med 2,3 prosentpoeng og nedbemanning på grunn av redusert behov for barnehageplassar og færre asylsøkjarar og andre innvandrarar.

Time kommune har ein uføreuttak på 6,18 % lågare. Dette er lågare enn kommunane i Rogaland som samla har 7,85 % og lågare enn summen av alle kommunar med pensjon i KLP på 9,12 %.

Medarbeidarkartlegging
Medarbeidarkartlegginga er utsett til 2018.

6.3 Utfordringar framover

Det er viktig å sluttføra omstillinga for å få drifta i balanse med å gjennomføra alle tiltak som er planlagt. Time kommune må fokusera på endring og omstilling i forhold til digitalisering. Me møter mange utfordringar som vil krevja endring i kompetanse, leiing, samarbeid med andre kommunar, offentlege instansar og privat næringsliv.

Arbeidet med sjukefavær vil vera like viktig framover. Lågt fråvær er ein viktig faktor for å levera gode tenester til innbyggjarane. Me vil spesielt jobba vidare med Omsorg og andre einingar med høgt fråvær.

Ballanse mellom kjønna på arbeidsplassen er eit viktig element i å sikra godt arbeidsmiljø og gode tenester. Me vil framover vurdera tiltak for å rekruttera fleire menn der kor det er stort fleirtall av kvinner.

Time kommune må revidera varslingsrutinane og spesielt sjå på emnet seksuell trakassering.

7 Investeringar

Tabellane nedanfor viser korleis investeringane til kommunen er finansierte dei siste åra. Fullstendig investeringsrekneskap går fram av rekneskapsdokumentet for 2017. Alle notereferansar viser til dette dokumentet. Investeringane varierer mykje frå år til år, jamfør tabellane nedanfor.

	Rekneskap				Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2017
Investeringar i nybygg og nyanlegg	331 067	228 531	231 672	330 431	295 470
Finansiert slik:					
Investeringsinntekter	28,7 %	40,9 %	40,5 %	31,0 %	31,0 %
Eigenkapital	15,3 %	11,6 %	15,0 %	12,5 %	8,1 %
Låneopptak	52,7 %	46,4 %	41,3 %	56,5 %	61,8 %
Ikkje finansiert	3,3 %	1,1 %	3,2 %	0,0 %	

I 2017 er investeringane finansierte med 56,5 % låneopptak. Time har tatt opp 186,7 millionar kroner i nye lån til investeringsformål.

Investeringsinntekter er statstilskot til omsorgsbustader, salsinntekter frå Foren burettslag, spelemidlar og refusjonar frå private utbyggjarar. Momskompensasjonen var i 2017 på 46,8 millionar kroner.

Eigenkapitalfinansieringa inkluderer overføring frå driftsrekneskapen, motteke avdrag frå Lyse og sal av fast eigedom.

	Rekneskap				Budsjett
	2014	2015	2016	2017	2017
Investeringar i nybygg og nyanlegg	**331 067**	**228 531**	**231 672**	**330 431**	**295 470**
Finansiert slik:					
Tilskot/refusjonar/sal	38 300	66 236	63 205	60 851	46 000
Netto startlån	-12	2	-2 234	-5 290	-4 000
Momskompensasjon	56 782	27 229	32 881	46 754	46 910
Eigenkapital	50 808	26 579	34 685	41 451	23 993
Bruk av lån	174 390	106 017	95 610	186 665	182 567
Sum finansiering	**320 268**	**226 063**	**224 147**	**330 431**	**295 470**
Avvik investering/finansiering	**10 799**	**2 468**	**7 525**	**0**	**0**
Bruk av eigenkapital:					
- overført frå drift	4 524	10 277	20 750	15 146	15 063
- netto bruk av tidlegare avsetningar	886	-19 731	3 577	6 359	-3 000
- mottatte avdrag	5 832	5 832	5 832	5 832	5 830
- årets salsinntekter	53 475	36 064	6 958	25 240	17 100
- avdrag		-9 002			
- andelar og utlån	-13 909	3 139	-2 432	-11 132	-11 000
Sum	**50 808**	**26 579**	**34 685**	**41 445**	**23 993**

I investeringsrekneskapen vert og utlån av startlån ført. I 2017 lånte kommunen ut 45,9 millionar kroner. Samla utlån av formidlingslån er nå på 203,5 millionar kroner.

Etter signal frå Husbanken reknar kommunen med å få utbetalt tilskot for dei 14 resterande bustadane på Kvernaland omsorgssenter. Utestående krav til Husbanken er på 11,8 millionar kroner.

Årsoppgjersdisposisjonar i investeringsrekneskapen

Formannskapet behandla i desember 2017 ei sak om justering av investeringsløyvingane. Investeringane går over fleire år, men investeringsrekneskapen skal gjerast opp årleg. Sjølv om ein justerer så seint vert det avvik mellom budsjettert løyving og forbruk kvart år. Når ein salderer investeringsrekneskapen vert meirforbruk på eit prosjekt finansiert med mindreforbruk på andre prosjekt. På grunn av strykingsreglane er investeringsrekneskapen for 2017 saldert. Reelt meirforbruk i 2017 er 5,8 millionar kroner. Hovudgrunnane til dette er svikt i tomtesal og meirutgifter i 2017 på prosjekt som har budsjettdekning i 2018.

Kommentarar til investeringsprosjekta

For å få ein best mogleg oversikt viser første kolonne rekneskapsført i 2017, neste viser rekneskapsført hittil og tredje kolonne viser samla prosjektløyving.

Det er ikkje alle prosjekt som vert kommenterte her. Berre prosjekt med store kostnadar i 2017 eller andre forhold som gjer prosjektet spesielt interessant. For å sjå detaljar om alle prosjekta viser me til rekneskapsdokumentet.

7.1 IKT og administrasjon

Stabstenester	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 1101 IKT investeringar - felles			
Utgifter	3 930	3 930	4 600
Inntekter	-1 000	-1 000	-1 000
Sum	2 930	2 930	3 600
Prosjekt: 1103 IKT investeringar - skular			
Utgifter	952	952	1 000
Inntekter	0	0	0
Sum	952	952	1 000
Prosjekt: 1216 Alternativ energikjelde for rådhusområdet			
Utgifter	637	5 956	5 620
Inntekter	0	-2 100	-2 100
Sum	637	3 856	3 520
Prosjekt: 1217 Rehabilitering rådhus bygg A og C			
Utgifter	15 550	16 022	17 200
Inntekter	-1 500	-1 500	-1 650
Sum	14 050	14 522	15 550

1101 IKT investeringar – felles

Prosjektet fekk ei tilleggsløyving for å finansiera overgang frå leige av microsoft-produkta til kjøp av 2016-versjonen. Tilleggsløyving er også gjeve til framføring av fiberkabel til Undheim skule. Mykje nettverksutstyr til oppgradering av dei trådlause nettverka våre er kjøpt slik at me er klare når velferdsteknologien i omsorg kjem for fullt. Det er også kjøpt inn ein del nye tynnklientar og skjermar. Meirutgifter i 2017 ventar me vert tatt inn att i form av tilsvarande mindreutgifter i 2018.

1103 IKT investeringar – skular

Det er brukt 950 000 kroner i år til oppgradering av trådlaust nettverk i skulane slik at

nettbrettprosjektet kunne utvidast. Elles er rekneskapsførte utgifter relaterte til infrastruktur, IKT-utstyr, programvare, m.m. i skulane.

1216 Alternativ energikjelde for rådhusområdet

Arbeidet med etablering av ny energisentral basert på biopellets i rådhus- og Sivdamområdet vart ferdigstilt i vår. Det gjenstår noko opprettingsarbeid etter prøvekjøringa av anlegget som kan medføra noko meirutgifter i forhold til rekneskapstalet ved utgangen av 2017.

1217 Rehabilitering rådhus bygg A og C

Prosjektet er ferdigstilt innanfor godkjend løyving.

7.2 Oppvekst

Skular og barnehagar	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 2203 Mindre ombyggingar - Oppvekst			
Utgifter	2 235	2 235	2 000
Inntekter	0	0	0
Sum	2 235	2 235	2 000
Prosjekt: 2229 Kjøp av vidaregåande skular			
Utgifter	39 544	64 851	63 000
Inntekter	0	0	0
Sum	39 544	64 851	63 000
Prosjekt: 2241 Bryne ungdomsskule			
Utgifter	22 656	61 810	67 300
Inntekter	0	0	0
Sum	22 656	61 810	67 300
Prosjekt: 2242 Ny skule Vardheia			
Utgifter	2 370	37 166	254 400
Inntekter	-3 363	-18 322	-105 000
Sum	-993	18 844	149 400
Prosjekt: 2243 Frøyland skule			
Utgifter	25 837	58 674	75 000
Inntekter	-25	-865	0
Sum	25 812	57 809	75 000
Prosjekt: 2250 Lye skule - rehabilitering			
Utgifter	2 742	2 742	2 700
Inntekter	-2 419	-2 419	-2 419
Sum	323	323	281
Prosjekt: 2251 Bryne ungdomskule-kunstprosjekt (del av P2241)			
Utgifter	579	579	900
Inntekter	0	0	0
Sum	579	579	900

2203 Mindre ombyggingar – Oppvekst

Mindre oppgraderingstiltak i skular og barnehagar omtalt i LOK-sak 007/17 er i hovudsak utførte. Lokal utvikling fekk statusoversikt over utførte arbeid i LOK-sak 008/18. Meirutgifter på vel 200 000 kroner i 2017 vert søkt løyst ved tilsvarande mindreutgifter i 2018.

2229 Kjøp av vidaregåande skular

Siste del av kjøpesummen for dei to vidaregåande skulane vart betalt til Rogaland

fylkeskommune i 2017 etter formell overtaking av Time vidaregåande skule hausten 2017.

Samla kjøpskostnader vart 1,85 millionar kroner høgare enn budsjettert. Kjøpesummen inkluderer indeksregulering av gebyr.

2241 Bryne ungdomsskule

Bryne ungdomsskule har fått utvida kapasiteten frå 270 til 450 elevar. Prosjektet vart ferdigstilt til skulestart hausten 2017. Kostnadsramma på 68,2 millionar kroner, inkl. prosjekt 2251 Bryne ungdomsskule – kunstprosjekt, ser ut til å halda.

2242 Ny skule Vardheia

Grunninnløysing av skuletomta etter inngått kjøpsavtale er betalt i 2016. I tillegg er det betalt for arkeologiske utgravingar, grunnundersøkingar og reguleringsarbeid i 2017. Inntektene er refusjon av Klepp sin del av kjøpskostnadane.

2243 Frøyland skule

Frøyland skule har fått utvida kapasiteten frå 320 til 540 elevar. Prosjektet vart ferdigstilt til skulestart hausten 2017. Kostnadsramma på 75 millionar kroner ser ut til å halda.

2250 Lye skule – rehabilitering

Utskifting av om lag 100 vindauge og utbetring av lydforholda ved Lye skule er utført i år. I tillegg er det oppført ein garasje for bil som den samla vaktmeistertenesta på Lye skal nytta. Prosjektet er i hovudsak finansiert av ekstra vedlikehaldsmidlar over statsbudsjettet i år.

2251 Bryne ungdomsskule – kunstprosjekt (del av P 2241)

Prosjektet gjeld kunstnarisk utsmykking av den nye delen av Bryne ungdomsskule, og er ein del av den samla økonomiske ramma på 68,2 millionar kroner, dvs. til prosjekt 2241 og 2251.

7.3 Omsorg

Omsorg	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 3202 Mindre ombyggingar - omsorg			
Utgifter	1 711	1 711	1 500
Inntekter	0	0	0
Sum	1 711	1 711	1 500
Prosjekt: 3213 Kommunale bustader			
Utgifter	7 206	7 206	4 000
Inntekter	-10 014	-10 014	-1 400
Sum	-2 808	-2 808	2 600
Prosjekt: 3236 Vardheia omsorgsbustader - ombygging			
Utgifter	-79	4 556	3 100
Inntekter	0	-900	-600
Sum	-79	3 656	2 500
Prosjekt: 3260 Omsorgsenter Kverneland			
Utgifter	0	146 226	148 600
Inntekter	-6 360	-23 464	-28 700
Sum	-6 360	122 762	119 900
Prosjekt: 3261 Foren burettslag			
Utgifter	22 737	25 029	28 100
Inntekter	-24 573	-24 573	-25 200
Sum	-1 836	456	2 900

3202 Mindre ombyggingar – Omsorg

Mindre oppgraderingstiltak i og av omsorgsbygg omtalt i LOK-sak 007/17 er i hovudsak utført. Lokal utvikling fekk statusoversikt over utførte arbeid i LOK-sak 008/18. Meirutgifter på 200 000 kroner i 2017 vert søkt løyst ved tilsvarande mindreutgifter i 2018.

3213 Kommunale bustader

Rekneskapsførte utgifter gjeld kjøp og kostnadar ved kjøp for Røyrvika 15 på Bryne. Inntektene gjeld statstilskot for kjøp av Røyrvika 15 (Bryne) og sal av Fjellsvingen 4 (Lye), Grevlingvegen 16 (Lye) og Holmebakken 32 (Kvernaland).

3236 Vardheia omsorgsbustader – ombygging

Prosjektet er ferdigstilt og tatt i bruk. Meirutgifter på vel 1,1 millionar kroner skuldast i hovudsak ekstra tilretteleggingsarbeid både utom- og innomhus grunna spesielle behov hos brukarane. Dette vart det ikkje tatt høgde for i den innleiande prosjekteringsfasen. Erfaringane frå dette prosjektet tilseier betre grunnlagsarbeid i startfasen for ombygging/bygging av omsorgsbustader for denne "tyngre" målgruppa.

3260 Omsorgssenter Kvernaland

Etter signal frå Husbanken ser det nå ut til at me kan få til ein avtale om utbetaling av statstilskotet for dei restande 14 bueiningane. Ut frå dette signalet er det inntektsført tilskot for 4 nye bustadar som er tekne i bruk. 3 millionar kroner av inntektene skriv seg frå Foren burettslag sin del av infrastrukturen i området.

3261 Foren burettslag
Sju nye sjølveigde omsorgsbustadar for funksjonshemma ungdommar er ferdigstilte og tekne i bruk på Kvernaland. Gitt løyving og budsjetterte inntekter for prosjektet ser ut til å halda.

7.4 Samfunn

Diverse bygg	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 1213 Rehabilitering - ventilasjonsanlegg			
Utgifter	3 486	14 462	16 000
Inntekter	0	0	0
Sum	3 486	14 462	16 000
Prosjekt: 5929 Brannstasjon Bryne - dagkasernering			
Utgifter	2 815	10 880	9 400
Inntekter	0	0	0
Sum	2 815	10 880	9 400

1213 Rehabilitering – ventilasjonsanlegg
Fram til og med 2019 er det sett av 16 millionar kroner til oppgradering og rehabilitering av ventilasjonsanlegg i den samla kommunale bygningsmassen. Ved utgangen av 2017 er det brukt om lag 14,5 millionar kroner.

5929 Brannstasjon Bryne – dagkasernering
Brannstasjonen er bygd om og teken i bruk av Rogaland brann og redning IKS. Ombyggingsprosjektet fekk meirutgifter på 1,5 millionar kroner i hovudsak grunna ekstraarbeid med asbestfunn i bygningen. Sju millionar kroner eksl. mva av prosjektkostnadane vert fordelte på alle medlemskommunane i Rogaland brann og redning IKS via husleigerefusjonar.

Kyrkje	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 4503 Bryne kyrkje			
Utgifter	2 439	8 166	11 050
Inntekter	0	0	0
Sum	2 439	8 166	11 050
Prosjekt: 4510 Time kyrkje			
Utgifter	1 078	2 402	6 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 078	2 402	6 000
Prosjekt: 4511 Time kyrkje - gravplass			
Utgifter	14 307	22 287	45 000
Inntekter	-29	-224	0
Sum	14 278	22 063	45 000
Prosjekt: 4513 Undheim kyrkje			
Utgifter	848	848	800
Inntekter	0	0	0
Sum	848	848	800

4503 Bryne kyrkje
I perioden fram til og med 2017 er det sett av i alt 11 millionar kroner til rehabiliteringsarbeid og innkjøp av nye stolar til kyrkja i tråd med innspel frå Time kyrkjelege fellesråd. Så langt er det rekneskapsført utgifter på vel åtte millionar kroner.

4510 Time kyrkje
I perioden fram til og med 2016 er det sett av i alt seks millionar kroner til rehabiliteringsarbeid og innkjøp av nye stolar til kyrkja i tråd med innspel frå Time kyrkjelege fellesråd. Så langt er det rekneskapsført utgifter på om lag 2,4 millionar kroner.

4511 Time kyrkje – gravplass
Prosjektet gjeld kjøp av areal og opparbeiding av ny gravplass ved Time kyrkje. Anleggsarbeidet er venta ferdigstilt til sommaren 2018.

4513 Undheim kyrkje
Arbeidet med utskifting av råte tak av sibirsk lerk til nytt skifertak er utført i år.

Kultur, idrett og friluftsliv	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Kultur			
Prosjekt: 4311 Kulturbygga Garborgheimen, Knudaheio,Træe og Fotland mølle			
Utgifter	1 234	1 234	2 500
Inntekter	-91	-91	0
Sum	1 143	1 143	2 500
Prosjekt: 4454 Storstova			
Utgifter	606	606	0
Inntekter	0	0	0
Sum	606	606	0
Idrett			
Prosjekt: 2248 Kvernhallen			
Utgifter	28 056	28 056	25 000
Inntekter	-7 000	-7 000	-7 000
Sum	21 056	21 056	18 000
Friluftsliv			
Prosjekt: 5903 Utbetring leikeplassar			
Utgifter	2 931	2 931	3 250
Inntekter	-400	-400	-500
Sum	2 531	2 531	2 750
Prosjekt: 5904 Turstiar og friluftsliv			
Utgifter	1 911	1 911	1 500
Inntekter	-644	-644	0
Sum	1 267	1 267	1 500

4311 Kulturbygga Garborgheimen, Knudaheio, Træe og Fotland mølle
I perioden 2015–2017 er det sett av 2,5 millionar kroner til brannsikringstiltak og nødvendig rehabilitering i/av bygga. I 2017 er det mellom anna installert varmepumpe og utført

rehabilitering av jodkjellaren i Garborgheimen. I Knudaheio er energianlegget og delar av steingjerdet reparert.

4454 Storstova

Høgtalarane i Storstova måtte skiftast ut i år. Meirutgiftene i 2017 vert dekka inn ved tilsvarande mindreutgifter i prosjektet dei neste to åra.

2248 Kvernhallen

Ny fleirbrukshall på Kvernaland er bygd og tatt i bruk i år. Byggjeprosjektet var samordna med utvidinga av Frøyland skule. Meirutgifter i prosjektet må sjåast saman med tilsvarande mindreutgifter i prosjekt 2243 Frøyland skule. Byggjerekneskapen for dei to prosjekta vil visa endelege kostnadar.

5903 Utbetring leikeplassar

I 2017 har prosjektet omfatta opparbeiding av leikeplassar i tråd med føringane i LOK-sak 007/17, og aktuelle føringar gitt i eiga politisk sak første halvår i år vedkomande areal/leikeplassar på Lye.

5904 Turstiar og friluftsliv

Gjennomførte og oppstarta tiltak i 2017 er i hovudsak «Turveg og lys rundt Eivindsholtjørn», «Kunstgrasbane v/Bryne skule» og «Friluftlivstiltak i Åsen». Rekneskapsførte inntekter er spelemidlar og andre eksterne tilskot.

Utbygging	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5200 Anna tomtesal			
Utgifter	2 536	2 536	2 300
Inntekter	-7 204	-7 204	-8 400
Sum	-4 668	-4 668	-6 100
Prosjekt: 5209 Lyefjell BL3			
Utgifter	5 552	52 144	45 700
Inntekter	-7 697	-88 978	-83 000
Sum	-2 145	-36 834	-37 300

5200 Anna tomtesal

Prosjektet gjeld venta salsinntekter i perioden 2017–2020 for kommunale tomter på Lye, samt avtalte tilskot i utbyggingsavtalar på Bryne. Rekneskapsførte utgifter på 2,3 millionar kroner i 2017 gjeld kjøp av delar av "Smiå-tomta" på Bryne der utgiftene er dekka av ubunde kapitalfond. Det har i 2017 vore svikt i sal av tomter.

5209 Lyefjell BL3

Bustadfeltet er nå i hovudsak ferdig opparbeidd i eit samarbeid mellom kommunen og utbyggingsselskapet som kjøpte store delar av feltet etter anbodskonkurranse. Det er inngått avtale om opparbeiding etter anleggsbidragsmodellen mellom partane etter same mal som for utvikling og opparbeiding av nabofeltet BL2. Samla netto rekneskapsførte inntekter tilseier at prosjektet i hovudsak vil nå målet på om lag 37 millionar kroner i inntekter.

Vegar, plassar, vatn og avløp	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5520 Line-Hognestad - vass- og avløpsanlegg			
Utgifter	16 855	33 810	31 500
Inntekter	-6 500	-7 924	-6 050
Sum	10 355	25 886	25 450
Prosjekt: 5528 VA-anlegg Geidahodne og Skulegata			
Utgifter	6 168	9 412	13 000
Inntekter	0	0	0
Sum	6 168	9 412	13 000
Prosjekt: 5551 Overvasstiltak Rosseland - felleskummar			
Utgifter	3 376	6 709	6 500
Inntekter	-72	-72	0
Sum	3 304	6 637	6 500
Prosjekt: 5555 Trykkauke og reduksjonsstasjoner Mossige-Kvernaland			
Utgifter	493	602	3 900
Inntekter	0	0	0
Sum	493	602	3 900
Prosjekt: 5559 Sanering VA og OV leidningar - Markvegen,Kvernaland			
Utgifter	130	130	1 100
Inntekter	0	0	0
Sum	130	130	1 100
Prosjekt: 5600 Bilar/maskinar - kjøp			
Utgifter	2 217	2 217	2 000
Inntekter	0	0	0
Sum	2 217	2 217	2 000
Prosjekt: 5610 Trafikksikring			
Utgifter	283	283	1 000
Inntekter	-905	-905	-700
Sum	-622	-622	300
Prosjekt: 5645 Utskifting av gatelys			
Utgifter	4 664	4 664	8 750
Inntekter	-3	-3	0
Sum	4 661	4 661	8 750
Prosjekt: 5646 G/S-veg langs FV 208 Line-Hognestad			
Utgifter	14 299	22 991	18 450
Inntekter	0	-5 000	-5 000
Sum	14 299	17 991	13 450
Prosjekt: 5656 Ny parkeringsordning Bryne			
Utgifter	1 069	4 853	6 000
Inntekter	0	0	0
Sum	1 069	4 853	6 000
Prosjekt: 5661 Kaizersplassen			
Utgifter	6 718	7 341	7 000
Inntekter	0	0	0
Sum	6 718	7 341	7 000
Prosjekt: 5662 Mølledammen nord og sør			
Utgifter	16 653	18 460	26 800
Inntekter	-1 764	-1 764	0
Sum	14 889	16 696	26 800
Prosjekt: 5663 Shared space Reevegen			
Utgifter	6 184	6 890	13 000
Inntekter	0	0	0
Sum	6 184	6 890	13 000

Vegar, plassar, vatn og avløp	Regnskap 2017	Rekneskap hittil	Budsjett Prosjekt
Prosjekt: 5664 Asfaltering kommunale vegar			
Utgifter	2 358	2 358	2 500
Inntekter	0	0	0
Sum	2 358	2 358	2 500

5520 Line–Hognestad – vass- og avløpsanlegg

Prosjektet gjeld rehabilitering av vassleidningar og nytt avløpsanlegg på strekninga Line–Hognestad. Første del av prosjektet vart ferdigstilt i 2015. Andre og siste del er venta ferdigstilt i februar 2018. Rekneskapen for prosjektet er ved utgangen av 2017 ikkje endeleg avklart i høve prosjekt 5646 «G/S-veg langs FV 208 Line – Hognestad».

5528 VA-anlegg Geidahodne og Skulegata

I forbindelse med utviding av Bryne ungdomsskule er det utført nødvendige VA-tiltak i skuleområdet og Skulegata. Prosjektet er ferdigstilt og vil halda seg godt innanfor avsett løyving.

5551 Overvasstiltak Rosseland – felleskummar

Separering av om lag 80 felleskummar som har hatt høgast prioritet av OV-tiltaka på Rosseland, er så langt gjennomført i 2016 og 2017.

5555 Trykkauke og reduksjonsstasjonar Mossige – Kvernaland

Prosjektet gjeld etablering av to trykkaukestasjonar og ein reduksjonsstasjon på Kvernaland. Anleggsarbeidet med trykkaukestasjonane er i full gang. Reduksjonsstasjonen vert bygd i 2018.

5559 Sanering VA og OV leidningar – Markvegen, Kvernaland

Prosjektet gjeld nødvendig saneringstiltak i Markvegen på Kvernaland i forbindelse med eit større privat bustadfelt som er under opparbeiding i 2017. Saneringsarbeidet er venta ferdigstilt i løpet av 2018.

5600 Bilar og maskinar

Det er kjøpt inn nye bilar og anleggsmaskinar for 2,2 millionar kroner i år.

5610 Trafikksikring

Prosjektet gjeld gjennomføring av trafikksikringstiltaka i godkjend handlingsplan til ny Trafikksikringsplan 2016–2025. Rekneskapsførte inntekter er tilskot til aktuelle tiltak frå Rogaland fylkeskommune. Tiltak som ikkje vert utførte eit år grunna ulike omstende, vert tatt tak i det påfølgjande året.

5645 Utskifting av gatelys

Arbeidet med utskifting av gammal gatelysarmatur med LED-teknologi som følgje av krav frå vegstyresmaktene, er i rute. Ved utgangen av 2017 er det nytta 4,6 millionar kroner til arbeidet av ei fleirårig løyving på i alt 8,75 millionar kroner.

5646 G/S-veg langs FV 208 Line–Hognestad
Prosjektet gjeld ny gang- og sykkelveg langs FV 208 Line–Hognestad. Anleggsarbeidet er samordna med siste delen av vass- og avløpsanlegget langs same strekninga. Arbeidet er venta ferdigstilt i januar 2018. Det er mottatt fem millionar kroner i trafikksikringsmidlar frå fylkeskommunen til prosjektet. Rekneskapen for prosjektet er ved utgangen av 2017 ikkje endeleg avklart i forhold til prosjekt 5520 «Line–Hognestad – vass- og avløpsanlegg». Me fekk store utfordringar med siste del av g/s-vegen (100 meter) som måtte byggjast i ny trase med påfølgjande store masseutskiftingar. Dette vil nok visa att i endeleg anleggsrekneskap med betydelege meirutgifter.

5656 Ny parkeringsordning Bryne
Til innkjøp og oppsetting av skilt og betalingsautomatar for parkeringsordninga er det gått med 4,85 millionar kroner ved utgangen av året.

5661 Kaizersplassen
Opparbeiding av Kaizersplassen er i full gang, og er venta ferdigstilt tidleg i 2018.

5662 Mølledammen nord og sør
Opparbeiding av Mølledammen er i full gang. Anleggsarbeidet er venta ferdigstilt våren 2018 saman med grøntarbeidet.

5663 Shared space Reevegen
Endeleg sluttføring av anleggsarbeidet med Shared space i Reevegen er venta tidleg i 2018.

5664 Asfaltering kommunale vegar
Aktuelt asfalteringsarbeid følgjer føringane som vart lagde i LOK-sak 007/17. Lokal utvikling fekk statusoversikt over utført arbeid i LOK-sak 008/18.

7.5 Energi- og klimaplan 2011-2022 – oppfølging i 2017

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad	
1209 1210	*Redusera spesifikk energibruk i rådhuset med 15 %*			
	Ombygging i C-bygget med skifte av vindauge	42 millionar kroner		Ferdig
	Omlegging til bioenergibasert varme	5 millionar kroner		Ferdig i 2017. Manglar litt tilpassingar/justeringar
	Sivdamsenteret og Sivdamheimen			Bytta aggregat som har roterande gjennvinnarar i 2017

Prosjekt	Tiltak	Kostnad	Merknad	
	Ombygging i A-bygget med m.a. skifte av vindauge	17 millionar kroner		Ferdig i 2017
1213	*Installert/sentralisert SD-anlegg* i kommunale bygg*	16 millionar kroner		Løyvinga går over 7-8 år
	Omsorgsbustadar			
	Kvernaland omsorgssenter			
	Bryne skule			
	Frøyland skule			Utvida skule og fleirbrukshall i 2017
	Lye skule			
	Rosseland skule			
	Hognestad skule			Bytta ut aggregat i sløydsal i 2016
	Rådhuset			Installert energimålar i 2016
	Sivdamsentret			
	Sivdamheimen			Bytta ut bassengaggregat i 2016
	Bryneheimen			Bytta ut tre aggregat til eitt i 2016
	Storstova			Installert energimålar i 2016
	Bryne Mølle			SD-anlegg i 2016
	Bryne kompetansesenter			
	Bryne ungdomsskule			
	Vestly Idrettsbarnehage			
	Kvernaland barnehage			
	Ådalen barnehage			
	«Skatt vest» bygget			SD-anlegg i 2016
	Bryne brannstasjon			SD-anlegg i 2016
	Ny energisentral			SD-anlegg i 2016
	Maurtua barnehage			SD-anlegg i 2017
	Undheim skule			SD-anlegg i 2017
	Røyrvika bufellesskap			SD-anlegg i 2017
	Monsanut barnehage			SD-anlegg i 2017 (manglar nett)
	Austbø barnehage			SD-anlegg i 2017
				Det vert montert SD-anlegg i alle nye bygg
	Tilsett klimateknikar	0,7 millionar kroner/år		
1212	*Garderobar i rådhuset for sykling til arbeid*	1 million kroner		
	Etablera to P-plassar for el-bil for publikum ved rådhuset			Ein av parkeringsplassane er etablert
	ENØK-tiltak			Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2
	Tiltak innanfor plan og forvaltning			Sjå tiltak i plan og rapportering i kap. 2

*SD-anlegg = Sentraldriftsovervakingsanlegg for m.a. ventilasjons-, varme- og kjøleanlegg, samt lys og anna teknisk infrastruktur.

Det er og utført installasjon av energimålarar til bygg i rådhusområdet som vert vist i SD-anlegget og kan brukast i energioppfølgingssystemet (EOS). Utviding av EOS er og utført i 2016.

Time kommune deltar i «Klimanettverk Jæren». Dette er eit forum for utveksling av idear og samarbeid om rullering av nye klimaplanar.

8 Brukartilfredsheit og tilbakemeldingar

Resultat med tilhøyrande kommentar til følgjande undersøkingar:

Barnevern

	Snitt Time 2017	Snitt Rogaland 2017	Snitt Norge 2017
Brukarundersøking	3	3,2	3,1

Barnevernstenesta gjennomførte brukarundersøking blant barn og unge som mottar tiltak. Det var utfordrande å få barn og unge til å delta, men svara me fekk syner at me må verta betre på å involvera. Fullstendige resultat frå denne vart presentert i tenesteanalysen som var eiga sak til Levekår.

Fritidstilbod for eldre

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøking ved Velferdssenteret i 2017.

Heimetenester

	Snitt Time 2017	Snitt Rogaland 2017	Snitt Norge 2017
Brukarundersøking	5,1	4,9	4,8

Brukarundersøkinga hadde ein svarprosent på 56 %. Gjennomsnittsscore i Norge er 4,8, mens den er 5,1 for Time kommune. Saka er meldt opp til politisk behandling i mars 2018.

Dagsenter

Undersøkinga var opphaveleg planlagt i heimetenesta, og ikkje spesielt for dagsentera. Dagsenter for eldre skal gjennomføra brukarundersøking i 2019.

Helsestasjon

	Snitt Time 2014	Snitt Time 2017	Snitt Rogaland 2017	Snitt Norge 2017
Brukarundersøking	5,3	5,4	5,3	5,2

Helsestasjonen gjennomførte i 2017 brukarundersøking. Svarprosenten var på 72 og resultata var gode og over landssnittet. Best tilbakemelding vart gitt på oppleving av respektfull behandling. Brukarundersøkinga vart presentert som eiga sak i Levekår.

NAV

Den årlege lokale brukarundersøkinga i NAV-kontora er ikkje gjennomført i år etter føringar gitt av NAV Rogaland.

Private reguleringsplanar

Det er ikkje gjennomført brukarundersøking for private planar.

SFO

	Snitt Time 2015	Snitt Time 2017	Snitt Rogaland 2017	Snitt Norge 2017
Brukarundersøking	4,3	4,4	4,4	4,7

Deltakinga på undersøkinga 2017 var låg. Det varierer kor mange som har svara mellom skulane, og samla svarprosent var på 35 %. Med ein svarprosent under 40 % er tilgjengeleg data ikkje signifikant og må lesast med varsemd.

Det som kan sjåast som ein tendens er at Time kommune skårar litt lågare enn nasjonalt snitt på alle områda som vert undersøkt.

Dei føresette i Time kommune er mest nøgd med tryggleik, omsorg og trivselen til barnet, og at dei tilsette er respektfulle i møte med føresette.

Dei føresette er minst nøgd med pris på SFO-tilbodet og informasjon om korleis barnet har det på SFO. Det er sett i gang prosessar for å betre tilbodet.

9 Status politiske saker

9.1 Politiske saker 2017

Oversikten nedanfor viser eit utval av politiske vedtak i 2017. Det som førte til særleg oppfølging frå administrasjonen si side, men som ikkje vart fullførte i løpet av året, er tatt med i oversikten. For desse sakene vert det rapportert på status ved utgangen av 2017.

Saksnummer/sak	Status
KS 010/17 Rapport forvaltningsrevisjon: Samhandlingsreforma	
«Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om korleis rapporten er fylgt opp innan ca. 6 månader etter kommunestyret sitt vedtak».	Det vert gitt tilbakemeldingar i sak om Omstilling. Kontrollutvalet vil få tilbakemeldingar i løpet av 3. kvartal 2018.
KS 014/17 Legevaktordning for Klepp og Time	
«Time kommunestyre gir rådmannen fullmakt til å starta utarbeiding av grunnlag for vertskommunesamarbeid etter § 28 b i kommunelova om daglegevakt med Sandnes legevakt. Målet er oppstart den 01.01.18».	Venter på avklaringar frå Sandnes kommune om vilkår og kostnad ved avtale om daglegevakt.
KS 024/17 Plan 0453.00: Detaljregulering for Meieritomta, Bryne sentrum	
«Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen».	Utkast til utbyggingsavtale er sendt til forslagsstillar september 2017.
KS 027/17 Interkommunalt samarbeid om tenester	
«2. Eksisterande interkommunale samarbeid vert gjennomgått og rutinar for oppfølging av vertskommunesamarbeid vert lagt fram i eiga sak»	Saka vert lagt fram for politisk behandling innan første halvår 2018.
KS 028/17 Status og eigarstrategiske grep for Jæren Industripartner AS	
«3. Time kommune vil vurdere mogelegheiter for bruk av reserverte kontraktar»	Det vert fortløpande vurdert om levering av tenester egner seg for reserverte kontraktar.
KS 032/17 Plan 0457.00: Detaljregulering for for boliger nord for Bruavegen, Undheim	
«2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen»	Utkast til utbyggingsavtale er utarbeidd. Sluttforhandling om utkastet er ikkje avslutta.
KS 033 Plan 0495.00: Detaljregulering for boliger øst for Undheim kapell, Undheim	
«2. Det er en forutsetning for utbygging av planområdet at det blir inngått utbyggingsavtale mellom utbygger og Time	Utkast til utbyggingsavtale er utarbeidd. Sluttforhandling om

Saksnummer/sak	Status
kommune når kommunestyret har godkjent reguleringsplanen. Utbyggingsavtalen skal regulere opparbeidelse og finansiering av offentlige og private kommunaltekniske anlegg innenfor og i tilknytting til planområdet, slik det bl.a. går frem av rekkefølgekrav til reguleringsplanen»	utkastet er ikkje avslutta.
KS 042/17 Omstilling 2017	
